



*Årsmelding*  
*Kviteseid kommune*



**2022**

## Innhold

1	Innleiing.....	3
1.1	Kommunedirektøren si innleiing.....	3
2	Samfunnsutvikling.....	4
	<i>Rapport handlingsprogram.....</i>	<i>4</i>
2.1	Samfunnstryggleik og beredskap.....	4
3	Økonomi.....	5
3.1	Det økonomiske resultatet .....	5
3.2	Driftsresultat .....	5
3.3	Inntektsutvikling – overordna .....	6
3.4	Kraftinntekter .....	6
3.5	Utgifter – overordna.....	7
3.6	Likviditet.....	8
3.7	Gjeld og avdrag.....	8
3.8	Fond.....	10
3.9	Verksemda.....	11
3.10	Investeringar .....	14
4	Organisasjon - medarbeidarar .....	16
4.1	Handlingsprogram – hovudmål og tiltak .....	16
4.2	Tilsette .....	18
4.3	Personalpolitikk .....	19
4.4	HMS.....	20
4.5	Likestilling .....	21
4.6	Intern kontroll og etikk .....	21
5	Sektorovergripande tenester .....	22
5.1	Rådmann og Fellestenester .....	22
5.2	Mottaking av flyktningar frå Ukraina .....	22
5.3	Ny organisering.....	22
5.4	Statistikk Arkiv .....	24
6	Helse og omsorg.....	25
6.1	Sektorleiing .....	25
6.2	Kjøken og vaskeri .....	27
6.3	Heimetenesta.....	28
6.4	Eining for funksjonshemma.....	29
6.5	Kviteseid omsorgssenter(KOS) .....	29
6.6	Helsesenteret .....	30
7	Skule og barnehage.....	37
7.1	Kulturskulen.....	39
8	Samfunnsutvikling og teknisk drift .....	42
8.1	Samfunnsutvikling.....	43
8.2	Teknisk drift .....	45
	<i>Nøkkeltal for teknisk drift.....</i>	<i>45</i>
9	Nærings- og lokalsamfunnsutvikling .....	48
9.1	Kultur.....	48
9.2	Næring.....	49
9.3	Bibliotek.....	50
10	Interkommunalt samarbeid .....	51
10.1	Barnevernstenesta.....	51
10.2	NAV .....	55
10.3	Landbrukskontoret .....	59
10.4	Plankontoret.....	62
10.5	Vest-Telemark driftssenter .....	63

# 1 Innleiing

## 1.1 Kommunedirektøren si innleiing

Årsmeldinga er ein del av årsrekneskapen, og ho er skriva til kommunestyret for å gjeva eit samla oversyn over det kommunale tenestetilbodet i året som har gått. Dokumentet er omfattande, men det same kan ein seie om dei kommunale tenestene. Årsmeldinga er difor laga ikkje bare som ei melding om året som har gått, men som ei oversikt over utviklinga og som ei rettesnor i høve til prioriteringar som skal gjerast i åra som kjem.

Rekneskapen for 2022 syner eit mindreforbruk på kr 2 246 298,- i høve justert budsjett. Målet om netto driftsresultat på 1,75% av driftsinntektene er nådd. Netto driftsresultat er positivt med 8 342 000,- dette utgjer 2,65% av driftsinntektene. Det gode resultatet skyldast i hovudsak inntekter frå skatt og konsesjonskraft. Driftsresultatet for 2022 inneber at Kviteseid kommune når sine økonomiske måltal for ein berekraftig kommune.

2022 har vore prega av stor usikkerheit knytt til kostnader og inntekter. Me gjekk inn i 2022 med pandemi som førte med seg ekstraordinære kostnader. Heile kommune Norge har vore klar på at desse kostnadane skulle dekkast av Staten. Det er vanskeleg å definere alle kostnadane knytt til pandemien, men for Kviteseid er det ikkje langt unna at Staten heldt lovnaden sin, noko ein kunne forvente når det er kommunane og kommunens tilsette som har stått i fyrstelinje for å handtere pandemien.

Ekstraordinære straumkostnader har vore ei utfordring for Kviteseid. Men med høge straumprisar aukar og inntektene kommunen har knytt til straum, det er særleg inntektene me har på sal av konsesjonskraft som me i Kviteseid kallar fritt næringsfond og auka utbytte frå VTK som bidreg til auka inntekter. Kviteseid har i 2022 nytta kr 4,1 mill. av konsesjonskraftinntektene til å betala eigne straumutgifter.

I 2022 tok me imot 25 flyktningar frå Ukraina. Dette var vaksne og born, kvinner og menn. Integreringa har gått fint. Me har fått tak i bustadar utan store problem. Flykningane er busett sentralt i Kviteseid.

Arbeidet med budsjett og rekneskap har vore krevjande. I samband med gjennomgang av budsjettet for 2023 og økonomiplanen vidare er det stramme rammer på viktige område.

Det vil vere krevjande for heile kommunen å syte for ein økonomi og drift i balanse i åra som kjem. Oppgåvene blir ikkje færre. Me kjempar om kvalifisert arbeidskraft på fleire område, samstundes med at innbyggjarane skal ivaretaast gjennom gode tenester. Skal kommunen lukkast i arbeidet med gode tenester til innbyggjarane, må alle partar yte sitt beste og trekke i same retning i 2023 og åra som kjem.

Årsmeldinga viser litt av breidda i det arbeidet som vert utført i løpet av eit år. Alle innbyggjarane i kommunen er påverka av det arbeidet som skjer i kommunen, og det er difor med glede eg legg fram årsmeldinga, og seier: God lesing.

*Laila Thorsen*  
Kommunedirektør

## 2 Samfunnsutvikling

### **Rapport handlingsprogram**

Handlingsprogrammet er oppbygde av handlingsplanar for einingane og ein overordna handlingsplan som er felles for alle.

Det nye overordna målet for utviklinga av Kviteseid kommune går fram av samfunnsdelen:

**Mål: Kviteseid kommune skal ha ein positiv folketalsvekst. Veksten skal i hovudsak skje i aldersgruppa 20 – 40 år med ein årleg vekst i overkant av 1% og 15% innan 2029.**

Gode kommunale tenester blir frå mange hald teke fram som ein viktig attraksjonsfaktor. Resultat frå ulike analyser av vår tenesteproduksjon syner at me absolutt har eit omfang og ein kvalitet på dei kommunale tenestene som gjev grunnlag for at me skal vera eit livskraftig bygdesamfunn. Som tidlegare år er administrasjonen oppteken av å nytte objektive kriterium som utgangspunkt for dei prioriteringar og utviklingstiltak som vert sett i verk. Det gjev grunnlag for den målretta satsinga som vert dregen fram i dette målet.

Tiltak i handlingsplanen	Resultat
<i>Utarbeidde planar i tråd med vedteken planstrategi.</i>	<i>Etter planen</i>
<i>Klima og miljøplan Vest-Telemark</i>	<i>Vedtatt sak 39/22, 20.juni 2022</i>

### **2.1 Samfunnstryggleik og beredskap**

Beredskapsarbeidet har hatt mindre fokus på Covid-19 i 2022. Med høg vaksineringsgrad og endra smittereglar er Covid-19 handterleg i samfunnet.

Krigen i Ukraina har endra beredskapsfokuset i 2022. Krigen gjer at beredskapsnivået er heva for heile landet. Atomberedskapsplanen i Kviteseid kommune er oppdatert i tråd med den uroa ein har for ei alvorleg atomulykke i Ukraina.

Mangel på straum og drivstoff har også vore tema i 2022. Både uvær og krigen kan føre til hendingar der mangel på NKOM blir ein utfordring. Kommunen har justert sine beredskapsplanar og deltatt på fagsamlingar om tema. Kommunens beredskapsråd med samarbeidspartnarar hadde eit eget møte om desse tema.

Kommunen deltok på eigenberedskapsveka med informasjon på SOME og kommunens heimeside.

Det vart gjennomført eit felles møte i Vest Telemark for beredskapsleiarane saman med Statsforvaltaren. Målet er jamlege møter og erfaringsutveksling.

**Mål: Utvikle ein robust kommuneorganisasjon som er godt i stand til å møte uføresette hendingar av ulike slag.**

<b>Mål</b>	<b>Tiltak</b>	<b>Resultatindikator</b>	<b>Status</b>
Nok tilsette som kan bruke krisehenderingsverktøyet CIM	Kurs, opplæring og øvingar	Tal på kurs og personar	Statsforvaltaren har ikkje gjennomført kurs
Tilsette på kommunehus kjenner til og kan evakuere seg sjølv og andre ved ei krise	Planlegge, gjennomføre og evaluere ei øving	Gjennomført øving	Oppdatera branninstruks er sendt ut, branntilsyn gjennomført. Evakueringsøving gjennomført
Godt planverk og kunnskap om krisehandtering	Delta på kurs, fagdagar og samlingar	Tal på gjennomførte kurs/samlingar	Beredskapskoordinator har deltatt på samlingar/møter som Statsforvaltaren har arrangert.

### 3 Økonomi

#### 3.1 Det økonomiske resultatet

Rekneskapen er utarbeidd etter *Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv.*

##### § 4-1. Regnskapsføring av budsjettdisposisjoner

Ved avslutningen av regnskapet skal bruk av og avsetning til disposisjonsfond og ubundet investeringsfond, overføring fra drift til investering og dekning av tidligere års merforbruk og udekket beløp regnskapsføres i samsvar med budsjettet. I tillegg regnskapsføres bruk av og avsetning til disposisjonsfond og ubundet investeringsfond og overføring fra drift til investering som er vedtatt av underordnet organ

Regnskapet for 2022 viser eit mindreforbruk i driftsrekneskap på kr 2 246 298,- og eit udisponert beløp i investeringsregnskapet på kr 1 939 925,-

#### 3.2 Driftsresultat


For at kommunes handlingsevne vert ivaretatt over tid, skal kommunane ha vedtatt økonomiske måltal.

**Resultat og måltal for Kviteseid kommune i 2022:**

Måltal i % av driftsinntekter (kr 315 mill)	Anbefalt nivå	Måltal for Kviteseid kommune	2022
Netto driftsresultat	1,75%*	1,75 %	2,65 %
Disposisjonsfond	5% - 10%	5,0 %	5,63 %
Renter og avdrag	2% - 3%	3,0 %	4,10 %

### Netto driftsresultat

Eit netto driftsresultat på 1,75% er tilrådd av «Det tekniske berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi», eit utval oppnemnd av kommunal og moderniseringsdepartementet. Figuren under viser utviklinga frå 2012 - 2022



### 3.3 Inntektsutvikling – overordna


Det overordna formålet med inntektssystemet er å gjere det mogleg for kommunane å gjeva eit likeverdig tenestetilbod til sine innbyggjarar. For å oppnå dette målet vert det ved fordelinga av rammetilskot teke omsyn til strukturelle ulikskapar mellom kommunane (utgiftsutjamning) og ulikskapar i skatteinntektene (inntektsutjamning). Rammetilskotet utgjer saman med skatteinntektene dei frie inntektene som kommunane kan disponere fritt innanfor gjeldande lover og forskrifter.

Sjølv om vi har sett ein nominell auke av kommunen sine frie inntekter dei siste åra, så tyder ikkje det at handlefridomen til kommunen har forbetra seg. Fleire øyremerkte tilskot er nå innlemma i dei frie inntektene. Pålagte oppgåver som var knytt til desse tilskota bind på denne måten delar av dei såkalla frie inntektene.


### 3.4 Kraftinntekter

Kviteseid kommune er ikkje ein kraftkommune i det omfanget som ein del av dei andre kommunane i regionen er. Men samstundes er det viktig å understreke at «kraftinntekter» er ein del av vårt inntektsgrunnlag.

Figurane under syner utvikling av dei ulike inntektskjeldene vi har knytt til kraftproduksjon:



### Utbytte Vest-Telemark kraftlag




### 3.5 Utgifter – overordna

I 2022 er driftsutgiftene inkl. avskrivningar på kr 315,8 mill. Barnevernssamarbeidet i Vest-Telemark er ein del av Kviteseid kommune sitt rekneskap. Samarbeidet vert avrekna med medlemskommunane i slutten av året, slik at nettoresultatet for barnevernet som kjem fram i Kviteseid sitt driftsrekneskap, er Kviteseid sin andel. Utgifts- og inntektssida blir på den måten «blåst opp» med ca. 31,8 mill. Tilsvarende beløp i 2021 var ca. 32,1 mill.

### 3.6 Likviditet

Likviditeten fortel noko om kommunane si evne til å svare for sine økonomiske plikter. Det er ikkje noko mål i seg sjølv å ha så god likviditet som mogleg, men å ha tilstrekkeleg likviditet til å fange opp løpande differanse mellom utbetalingar og innbetalingar. Likviditetsgrad 1. er eit nykjeltal som vert berekna ved å dele omløpsmidlar på kortsiktig gjeld. Talet bør vera større enn 2. Ser ein på utviklinga frå 2020 så nærmar likviditeten seg 2, og er mindre anstrengt enn dei siste åra.




Figur: Likviditetsgrad 1 for åra 2014 til 2022

### 3.7 Gjeld og avdrag

Minste tillate avdrag skal vere lik årets avskrivningar justert for sum avskrivbare anleggsmiddel og langsiktig gjeld eks pensjonsforpliktingar og lån til vidareutlån.pr 01.01. Figuren under viser utvikling gjeld per 01.01 og avdrag 2016 – 2022:






Kommunen har ved utgangen av 2022 ei langsiktig ordinær lånegjeld på kr.207,7 millionar inkludert startlån frå Husbanken som er til vidare utlån til innbyggjarane.

Per 31.12.2022 er samla utlån av startlån inkludert sosiallån kr 9.892 mill. Ubrukte startlån er på kr 1,33 mill. og unytta ordinære lånemidlar er på kr 3,123 mill. I tillegg er det eit utlån på kr 28,5 mill. til Vest-Telemark kraftlag som påverkar nykjeltal «netto lånegjeld pr. innbyggjar».

Dette inneber at Kviteseid kommune pr 31.12.2022 har ei langsiktig lånegjeld (eksklusive formidlingslån) tilsvarande kr 76 000,- pr. innbyggjar.



Tabell: Utvikling gjeld per innbygger 2015-2022

Den langsiktige gjelda i kommunen kan delast inn i pensjonsplikter og andre lån (sjå tabellen under). Vi har ordinære lån som vert nytta til å finansiere investeringane til kommunen.

Desse utgjer kr. 196,1 millionar pr. 31.12.22

Den andre kategorien er startlån frå Husbanken, som etter bestemte vilkår blir lånt vidare ut til innbyggjarane som utgjer kr 11,6 millionar pr. 31.12.22 Avdrags- og renteutgiftene vi

betalar til Husbanken skal i prinsippet vera lik avdrag og renter som vi mottek frå lånetakarane. Pensjonsplikter er plikter som Kviteseid kommune har ovanfor KLP og SPK i høve til berekna framtidig pensjonsutbetaling. Desse pliktene er delvis dekt av pensjonsmidlar som også kjem fram i balanserekneskapet under anleggsmidlar.

1000 kr	Rekneskap 2016	Rekneskap 2017	Rekneskap 2018	Rekneskap 2019	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022
Pensjonsplikter (note nr. 2)	308 047	324 669	327 230	345 172	333 207	320 092	339 850
Lån	109 429	124 473	132 989	167 769	187 100	193 332	207 740
<b>Langsiktig gjeld</b>	<b>417 476</b>	<b>449 142</b>	<b>460 219</b>	<b>512 941</b>	<b>520 307</b>	<b>513 424</b>	<b>547 590</b>

Tabell: Samansetning av den langsiktige lånegjelda pr. 31.12 (2016 – 2022)

### 3.8 Fond

Kommunane sine fond vert delt i fire hovudgrupper.


1. Disposisjonsfond som kan nyttast til alle føremål.
2. Bunde driftsfond som berre kan brukast til øyremerkte føremål på driftssida.
3. Ubunde investeringsfond som kan nyttast fritt, men berre til investeringar.
4. Bunde investeringsfond som berre kan brukast til bestemte investeringar.

Tabellen nedanfor viser utviklinga av fonda sidan 2014. Den totale fondsbeholdninga auka med kr 7,946 mill. frå 2021 til 2022. Derav disposisjonsfonda med kr 6,079 mill. På bunde fond er det eit grunnfond på kr 3,990 knytt til bunde fond.

Tabell: Utvikling av fond

#### Utvikling disposisjonsfond 2014 – 2022:

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Disposisjonsfond	5 139	8 405	12 271	17 523	19 064	18 619	8 927	12 024	17 735
Bunde driftsfond	8 550	8 218	8 984	9 846	13 997	13 592	12 918	11 550	13 346
Ubunde investeringsfond	0	0	0	0	0	0	0		0
Bunde investeringsfond	138	105	442	824	355	328	0	118	189
<b>Sum fond</b>	<b>13 827</b>	<b>16 728</b>	<b>21 697</b>	<b>28 193</b>	<b>33 416</b>	<b>32 539</b>	<b>21 845</b>	<b>23 692</b>	<b>31 270</b>



Tabell: Disposisjonsfond

### 3.9 Verksemda

	Rekneskap 2022	Gjeldande budsjett 2022	Opprinneleg budsjett 2022	Rekneskap 2021	Diff rekneskap mot revidert budsjett	Diff rekneskap mot opphavleg budsjett
Tall i 1000 kroner						
<b>Netto driftsutgifter pr rammeområde</b>						
<b>Driftsuavhengige inntekter/utgifter</b>						
Netto avsetnad til (+) eller bruk av (-) bunde driftsfond:	1 583	1 583	1 583	1 583	0	0
<b>Netto ramme</b>	<b>1 583</b>	<b>1 583</b>	<b>1 583</b>	<b>1 583</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Politisk verksemd</b>	3 241	3 325	5 153	3 322	-84	-1 912
Netto avsetnad til (+) eller bruk av (-) bunde driftsfond:	0	0	0	0	0	0
Netto avsetnad til (+) eller bruk av (-) disposisjonsfond:	2 881	635	-504	1 603	2 246	3 385
<b>Netto ramme</b>	<b>6 122</b>	<b>3 960</b>	<b>4 649</b>	<b>4 925</b>	<b>2 162</b>	<b>1 473</b>
<b>Rådmannen</b>	3 997	5 954	4 739	2 163	-1 957	-742
Netto avsetnad til (+) eller bruk av (-) bunde driftsfond:	122	-129	0	665	122	122
<b>Netto ramme</b>	<b>4 119</b>	<b>5 825</b>	<b>4 739</b>	<b>2 828</b>	<b>-1 706</b>	<b>-620</b>
<b>Fellestene</b>	-964	1 375	7 710	3 010	-2 339	-8 674
Netto avsetnad til (+) eller bruk av (-) bunde driftsfond:	2 789	-500	-500	-1 039	3 289	3 289
<b>Netto ramme</b>	<b>1 825</b>	<b>875</b>	<b>7 210</b>	<b>1 971</b>	<b>950</b>	<b>-5 385</b>
<b>Anna undervisning</b>	9 631	8 658	8 970	8 901	973	661
Netto avsetnad til (+) eller bruk av (-) bunde driftsfond:	-971	-225	-225	-285	-746	-746
<b>Netto ramme</b>	<b>8 660</b>	<b>8 433</b>	<b>8 745</b>	<b>8 616</b>	<b>227</b>	<b>-85</b>
<b>Kviteseid skule</b>	24 783	25 261	22 441	22 695	-478	2 342
Netto avsetnad til (+) eller bruk av (-) bunde driftsfond:	-155	-107	-107	107	-48	-48
<b>Netto ramme</b>	<b>24 628</b>	<b>25 154</b>	<b>22 334</b>	<b>22 802</b>	<b>-526</b>	<b>2 294</b>
<b>Straumsnes barnehage</b>	2 324	2 232	2 083	1 582	92	241
Netto avsetnad til (+) eller bruk av (-) bunde driftsfond:	15	0	0	0	15	15
<b>Netto ramme</b>	<b>2 339</b>	<b>2 232</b>	<b>2 083</b>	<b>1 582</b>	<b>107</b>	<b>256</b>
<b>Brunkeberg oppvekstsenter</b>	9 143	8 690	8 258	7 996	453	885
Netto avsetnad til (+) eller bruk av (-) bunde driftsfond:	-6	0	0	-78	-6	-6
<b>Netto ramme</b>	<b>9 137</b>	<b>8 690</b>	<b>8 258</b>	<b>7 918</b>	<b>447</b>	<b>879</b>
<b>Kviteseid barnehage</b>	6 899	7 063	6 465	6 371	-164	434
Netto avsetnad til (+) eller bruk av (-) bunde driftsfond:	15	0	0	0	15	15
<b>Netto ramme</b>	<b>6 914</b>	<b>7 063</b>	<b>6 465</b>	<b>6 371</b>	<b>-149</b>	<b>449</b>
<b>Sektorleing helse og omsorg</b>	3 882	3 754	3 523	3 349	128	359
Netto avsetnad til (+) eller bruk av (-) bunde driftsfond:	-260	0	0	167	-260	-260
<b>Netto ramme</b>	<b>3 622</b>	<b>3 754</b>	<b>3 523</b>	<b>3 516</b>	<b>-132</b>	<b>99</b>
<b>Helse</b>	19 256	17 396	16 435	16 851	1 860	2 821
Netto avsetnad til (+) eller bruk av (-) bunde driftsfond:	-565	0	0	815	-565	-565
<b>Netto ramme</b>	<b>18 691</b>	<b>17 396</b>	<b>16 435</b>	<b>17 666</b>	<b>1 295</b>	<b>2 256</b>
<b>Barnevern</b>	8 776	10 035	8 535	7 689	-1 259	241
Netto avsetnad til (+) eller bruk av (-) bunde driftsfond:	643	0	0	-1 003	643	643
<b>Netto ramme</b>	<b>9 419</b>	<b>10 035</b>	<b>8 535</b>	<b>6 686</b>	<b>-616</b>	<b>884</b>
<b>Kviteseid omsorgstenester</b>	30 745	30 529	22 711	28 872	216	8 034
Netto avsetnad til (+) eller bruk av (-) bunde driftsfond:	-12	0	0	-36	-12	-12
<b>Netto ramme</b>	<b>30 733</b>	<b>30 529</b>	<b>22 711</b>	<b>28 836</b>	<b>204</b>	<b>8 022</b>
<b>Heimetenestene</b>	18 165	18 244	16 695	18 882	-79	1 470
Netto avsetnad til (+) eller bruk av (-) bunde driftsfond:	-2	0	0	-63	-2	-2
<b>Netto ramme</b>	<b>18 163</b>	<b>18 244</b>	<b>16 695</b>	<b>18 819</b>	<b>-81</b>	<b>1 468</b>
<b>Kjøkken</b>	3 454	3 492	3 056	3 316	-38	398
Netto avsetnad til (+) eller bruk av (-) bunde driftsfond:	0	0	0	0	0	0
<b>Netto ramme</b>	<b>3 454</b>	<b>3 492</b>	<b>3 056</b>	<b>3 316</b>	<b>-38</b>	<b>398</b>
<b>Funksjonshemma</b>	24 198	25 057	24 001	22 597	-859	197
Netto avsetnad til (+) eller bruk av (-) bunde driftsfond:	0	0	0	0	0	0
<b>Netto ramme</b>	<b>24 198</b>	<b>25 057</b>	<b>24 001</b>	<b>22 597</b>	<b>-859</b>	<b>197</b>
<b>Samfunnsutvikling og teknisk drift</b>	20 534	20 273	19 362	19 419	261	1 172
Netto avsetnad til (+) eller bruk av (-) bunde driftsfond:	-1 685	-1 530	-1 115	-1 948	-155	-570
Netto avsetnad til (+) eller bruk av (-) disposisjonsfond:	2 829	1 138	731	1 494	1 691	2 098
<b>Netto ramme</b>	<b>21 678</b>	<b>19 881</b>	<b>18 978</b>	<b>18 965</b>	<b>1 797</b>	<b>2 700</b>
<b>NAV</b>	3 775	3 650	3 450	3 296	125	325
Netto avsetnad til (+) eller bruk av (-) bunde driftsfond:	0	0	0	0	0	0
<b>Netto ramme</b>	<b>3 775</b>	<b>3 650</b>	<b>3 450</b>	<b>3 296</b>	<b>125</b>	<b>325</b>
<b>VAR</b>	-6 740	-5 727	-7 037	-4 727	-1 013	297
Netto avsetnad til (+) eller bruk av (-) bunde driftsfond:	286	1 298	1 298	-172	-1 012	-1 012
<b>Netto ramme</b>	<b>-6 454</b>	<b>-4 429</b>	<b>-5 739</b>	<b>-4 899</b>	<b>-2 025</b>	<b>-715</b>

Tabell: Oversyn verksemd

## **Sektorovergripande einingar**

### Politisk verksemd

Samla meirforbruk på eininga er kr 2 162`

Avviket skyldast i hovudsakt ikkje budsjettert avsetning til disposisjonsfond.

### Rådmannen

Samla mindreforbruk på eininga er kr 1 706`

Avviket skyldast kr 1.mill. som gjeld stor aktivitet ved plankontoret knytt til oppmåling og byggsak. Det er og mindreforbruk på personale då bedriftshelsetenesta har vorte billigare enn budsjettert i tillegg til reduserte kostnader knytt til Varer og tenester.

### Økonomi og fellestenestene

Samla meirforbruk på eininga er kr 950`

Avviket på meirforbruket skuldast kr 370` Pensjonspremie SPK, kr 75` kjøp av løn og rekneskapstenester frå Nissedal kommune, kr 130` kjøp av konsulenttenester knytt til taksering av linjenett og hjelp med programvare, kr 83` sikringsordninga og administrasjonskostnader knytt til pensjon ført på økonomiansvaret, kr 300` auka kostand VTDS.

### NAV

Samla meirforbruk på eininga er kr 125`

Avviket skuldast i hovudsak kostnad til sosialhjelp og administrasjonskostnader.

### Barnevern

Samla mindreforbruk på eininga er kr 616`

Avvik skuldast kr 846` i mindreforbruk både i og utanfor familien. Og auka kostnad samarbeidet kr 230`

## **Helse og omsorg**

### Helseadministrasjon

Samla mindreforbruk på eininga er kr 132`

Avvik skuldast i hovudsak mindre lønskostnader ved tenestekontoret.

### KOS

Samla meirforbruk på eininga er kr 204`

Avvik skuldast i hovudsak noko meir lønskostnader og kjøp av institusjonsplassar (overliggarar) samstundes som brukarbetalinga vart høgare enn justert budsjett.

### Heimetenestene

Samla mindreforbruk på eininga er kr 81`

Avviket på mindreforbruk skuldast i hovudsak omlag kr 350` i mindretgifter på løn og kr 270` i meirutgifter til drift og leige av køyretøy.

### Kjøkken

Samla mindreforbruk på eininga er kr 38`

Avviket vert definert som så lite at det ikkje treng vidare utdjuping.

### Eining for funksjonshemma

Samla mindreforbruk på eininga er kr 859`

Avviket på mindreforbruket skuldast i hovudsak mindreforbruk løn, grunna vakante stillingar.

## Helse

Samla meirforbruk på eininga er kr 1 295`

Avviket på meirforbruket skuldast i hovudsak kr 160` auka kostnad jordmorsarbeidet, mindre refusjon frå staten kr 500` og mindre refusjon frå Helfo ved legekantoret kr 450` og kr 180` gjestepasientar andre kommunar.

## **Skule og barnehage**

### Anna undervisning

Samla meirforbruk på eininga er kr 227`

Avviket på meirforbruket skuldast i hovudsak auka kostnad til skuleskyss og vaksenopplæringa.

### Kviteseid skule inkl. SFO

Samla mindreforbruk på eininga er kr 526`

Avviket på mindreforbruket skuldast i hovudsak omlag kr 300` mindreforbruk lønskostnadar og omlag kr 226` meir refusjon frå staten.

### Straumsnes barnehage

Samla meirforbruk på eininga er kr 107`

Avviket på meirforbruket skuldast i hovudsak auka lønskostnad knytt til vikar.

### Brunkeberg oppvekstsenter.

Samla meirforbruk på eininga er kr 447`

Avviket skuldast i hovudsak meirforbruk lønsutgifter barnehagen.

### Kviteseid barnehage

Samla mindreforbruk på eininga er kr 149`

Avviket skuldast i hovudsak mindre kjøp av varer og tenester.

## **Samfunnsutvikling og teknisk drift**

### Samfunnsutvikling og teknisk drift inkl.

Samla meirforbruk på eininga er kr 1 797`

Dette er ei stor eining der det er fleire mindre avvik med meirforbruk og mindreforbruk fordelt over fleire ansvar.

Det som utgjør det største avviket er vedlikehald av kommunale vegar på omlag kr 665` knytt til overtid og kjøp av varer og tenester. kr 162` meirforbruk på reinhald knytt i hovudsak til lønskostnadar. Og omlag 970 var meirutgifter til straumkostnadar.

### VAR (vatn, avløp og renovasjon)

Samla mindreforbruk på eininga er kr 2 025`

Avviket på mindreforbruk skyldast bruk og avsetning til bunde fond og inndekning framførbare underskot, sjå og note.13

## **Bevilgningsoversikt drift etter § 5-4, 1.ledd**

Her er det eit samla avvik på kr 5 343` i netto driftsresultat

Dette skyldast skatteanslaget på kr 2 180` meir enn budsjettert og kr 172` mindre innbyggartilskot enn budsjettert.

Sum bevilningar til drift vart på kr 4 162` mindre enn budsjettert, renteinntektene kr 590` høgare enn budsjettert og renteutgiftene vart kr 1 136` høgare enn budsjettert. I tillegg er det eit avvik på kr 286` på andre generelle inntekter som skuldast kr 230` mindre integreringstilskot frå IMDI og kr 53` mindre i rentekompensasjon enn budsjettert.

### 3.10 Investeringar

Investeringsplanen i anleggsmedel for 2022 var på kr 20,790 mill. kr i revidert budsjett. Rekneskapen syner eit forbruk på kr 18,975 mill. med eit samla finansieringsbehov på kr 20,802 mill.

Det er vedteken låneopptak på kr 24,720 mill. Av dette er det lånt opp kr 20 mill. Det er i regulert budsjett vedtak om bruk av kr 20,630. Rekneskapen syner behov for kr 18,690 mill. Det var frå 2021 igjen kr 1,814 i ubrukte lånemidlar. Dvs at det er kr 3,124 mill. i ubrukte lånemidlar i 2022.

Alle tall i 1000 kroner		Gjeldande		
		Rekneskap 2022	budsjett 2022	Opprinneleg budsjett 2022
<b>Frå bevilgningsoversikt investering</b>				
Investeringar i varige driftsmidlar		18 975	20 790	26940
Tilskot til andre sine investeringar		1 000	1 000	1000
Investeringar i aksjar og andelar i selskap		827	836	715
Utlån av egne midlar		0	0	0
<b>Sum frå bevilgningsoversikt investering</b>		<b>20 802</b>	<b>22 626</b>	<b>28 655</b>
0329	Nye bustader Lundejordet	0	0	0
0516	Oppgradering kommunale vegar del 1	2 702	2 705	2 500
0565	Brannstasjon	0	0	0
0571	Ny barnehage - Kviteseid	94	80	0
0572	Kviteseid skule opprusting uteområde	0	0	0
0573	Ikt-oppgradering 2017	480	500	500
0576	Elements - sak/arkiv-2021	508	500	500
0581	Tilrettelegging nye bustadområde	96	100	1 000
0588	Morgdal RA - oppgradering (2019-2021)	3 463	4 850	5 000
0590	Rehab. VA Kvitsund	0	0	0
0591	Fasaden kommunehuset	1 944	1 950	2 000
0594	Oppgradering "sentrum" Brunkeberg	54	0	0
0595	KOS - ventilasjon	0	0	0
0596	Saneringsplan Kviteseid	2 788	1 750	2 750
0597	Kviteseid reinseanlegg - Bioanlegg	0	0	0
0598	Vaskarstrondi	0	0	0
0599	Brunkeberg oppvekstsenter	86	100	100
0600	Trafikksikringstiltak - Lunden	431	990	990
0601	Fiber (reinseanlegg, helsesenter, KOS))	313	250	250
0602	Tankvogn - Brann	1 130	1 045	850
0603	Ventilasjon/varmegjenvinning Kviteseidhallen	989	1 000	1 000
0604	Ombygging personalrom - Lunden	0	0	1 500
0605	Saneringsplan Vrådal - utv. private anlegg	34	500	5 000
0606	Vårstaul - utviding	0	0	500
0607	Ladepunkt - kommunale tenestebilar	40	0	0
0608	Vaskemaskin - KOS	105	100	0
0609	Leiligheit Lundenjordet	223	500	0
0610	Nytt skyllerom KOS	321	370	0
0993	Saneringsplan Vrådal	3 174	3 500	2 500
<b>Sum fordelt investering i varige driftsmidlar</b>		<b>18 975</b>	<b>20 790</b>	<b>26 940</b>
0163	Bidrag investeringsprosjekt kyrkja	1 000	1 000	1 000
0575	Utviding næringsshagen	0	0	0
<b>Sum fordelt tilskot til andre sine investeringar</b>		<b>1 000</b>	<b>1 000</b>	<b>1 000</b>
0110	Eigenkapitalinnskot KLP	616	625	715
0112	Kjøp aksjar og andelar	0	0	0
0575	Utviding næringsshagen	211	211	0
<b>Sum fordelt investeringar i aksjar og andelar i selska</b>		<b>827</b>	<b>836</b>	<b>715</b>
<b>Sum fordelt utlån av egne midlar</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Kompensasjon for meirverdiavgift		-1 733	-1 493	-2 020
Tilskot frå andre		-153	-400	-400
Sal av varige driftsmidlar		-144	-20	-800
Sal av finansielle anleggsmidlar		0	0	0
Utdeling frå selskap		0	0	0
Mottekne avdrag på utlån av egne midlar		0	0	0
Bruk av lån		-18 690	-20 630	-24 720
<b>Sum investeringsinntekter</b>		<b>-20 719</b>	<b>-22 543</b>	<b>-27 940</b>
Vidareutlån		3 342	3 342	3 000
Bruk av lån til vidareutlån		-3 342	-3 342	-3 000
Avdrag på lån til vidareutlån		292	520	520
Mottekne avdrag på vidareutlån		-364	-520	-520
<b>Netto utgifter vidareutlån</b>		<b>-71</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
Overføring frå drift		-836	-836	-715
Netto avsetnader til eller bruk av bunde investeringsfond	7	71	0	0
Netto avsetnader til eller bruk av ubunde investeringsfond	7	0	0	0
Dekking av tidlegare års udekka beløp		753	753	0
<b>Sum overføring frå drift og netto avsetnader</b>		<b>-12</b>	<b>-83</b>	<b>-715</b>
<b>Framført til inndecking i seinare år (udekka beløp)</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

*Tabell: Investeringsrekneskap pr prosjekt med finansiering*

## 4 Organisasjon - medarbeidarar

Arbeidsgjevarpolitikken skal med verdiar, haldningar og verkemiddel i samhandling med dei tilsette, sørgje for utviklinga av effektive tenester av høg kvalitet for kommunen sine innbyggjarar. Dette ligg i botnen for kommunen sitt verke.

Arbeidsgjevarstrategien skal medverke til at Kviteseid kommune står fram som ein god og profesjonell arbeidsgjevar slik at me greier å behalde viktige medarbeidarar. Arbeidstakarar som er stolte av arbeidsplassen sin, er dei viktigaste ambassadørane for å sikre framtidig rekruttering.

Alle tilsette i Kviteseid kommune gjer sitt beste for å gje innbyggjarane gode tenester.

### 4.1 Handlingsprogram – hovudmål og tiltak

Arbeidsgjevarpolitikken og lov- og avtaleverket er utgangspunktet for alt personalarbeid med HMS og IA på alle nivå i kommunen.

Tabellen under viser tiltaka som vedteke i handlingsprogrammet for 2022 og status for tiltaka ved årets slutt.

Mål	Tiltak	Resultatindikator/effekt mål	Status
<b>PERSONAL</b>			
Personal - tryggleik og godt arbeidsmiljø	Låg terskel for å kontakte næraste leiar	- Medarbeidarundersøking - Færre små eller større personalsaker - Lågare sjukefråvær	Ikkje gjennomført  Sjukefråværet er redusert. Sjå HMS pkt. under  Utfordring med rekruttering ymse faggrupper
	God og gjensidig kommunikasjon	- Auka rekruttering	
Auka oppleving av tett og god dialog mellom leiar og tilsette	Sikre min. 2 personalmøte pr. år	Auka mestringskjensle	Kontinuerleg, ulik frekvens i einingane, men minst 2 gonger årleg
	Gjennomføre årlege medarbeidersamtaler		Delvis utført
Auka oppdatering og bruk prosedyrar, skjema m.m. i Compilo	Avsette tid til oppdatering/ innlogging i Compilo	Enklare å finne viktig informasjon og skjema for leiarar og for tilsette	Fleire brukar Compilo.  Delvis utført. Personal er disponibel for opplæring i einingane
	Fokus på opplæring. Einingane melde inn behov til personalavdelinga		
<b>HMS</b>			



Sikre at nye verneombod og leiarar gjennomfører grunnkurs i HMS	Informere om viktighet av HMS-kurset	Auka tryggleik for fysiske og psykiske tilhøve med på arbeidsplassen	Gjennomført - tre nye verneombod. Ingen nye leiarar
Sikre gjennomføring av vernerundar	Minne einingane om årleg gjennomføring		Delvis gjennomført. Minne einingane om årleg gjennomføring
Auka nærvær	Naudsynt opplæring for å førebyggje sjukefråvær	Redusert totalt sjukefråvær	Sjukefråværet er redusert med 1,27 %, samanlikna med 2021
	God to-vegs dialog for å førebygge		
	Tett og trygg fråværsoppfølging		Gjennomført – Einskilde einingar har nytta dette
Søkje tilskot om ekspertbistand frå NAV			
Følgje opp årleg samarbeidsplan med bedriftshelse-tenestene	Gjennomføre pålagte helseundersøkingar m.m. jf. lov- og forskrifter		Kontinuerleg. Rapportast fortløpande i Arbeidsmiljø-møta
Auka bruk og oppfølging av HMS-avvik i Compilo	Fokus på opplæring og bruk av system	Lukking av HMS-avvik i Compilo innan frist	Bruken ikkje optimal. HVO og beredskaspleiar har gjennomført opplæring på etterspurnad. Personal er disponibel for opplæring i einingane

## 4.2 Tilsette

Tabellen under viser utviklinga i talet på årsverk.

Det er eit sterkt press på bemanning for å oppnå ønskt kvalitetsutvikling av tenestene.

Stillingsoversikt årsverk						
	2016	2017	2018	2019	2020	2022
Politisk verksemd	1,5	1,4	1,40	1,40	1,40	1,40
Kommunedirektør	3,2	4,0	4,00	4,00	3,00	3,00
Fellestenestene	6,6	7,0	7,00	7,00	3,00	3,00
Barnevern	14,5	14,1	14,10	14,10	14,10	14,77
Adm Helse og omsorg	1,5	1,0	1,00	1,00	1,00	1,00
Tenestekontor		2,4	2,40	2,70	2,60	2,60
Kviteseid omsorgssenter	32,2	32,4	32,40	32,21	32,40	33,80
Heimetenestene	22,4	23,6	23,63	23,12	23,86	21,41
Kjøken	3,7	3,7	3,74	3,74	3,74	3,74
Funksjonshemma	21,5	21,8	21,78	22,80	24,57	26,56
Helsesenter	15,1	18,6	18,55	18,55	15,05	14,95
Anna undervisning	5,9	5,2	5,21	5,96	5,91	5,30
Kviteseid skule	30,9	31,4	31,73	30,56	31,13	33,11
Straumsnes barnehage	9,1	7,0	6,79	6,57	6,24	3,16
Brunkeberg oppvekstsenter Barnehage	12,8	11,8	11,76	13,64	9,20	9,10
Brunkeberg oppvekstsenter Skule			-	-	5,10	4,11
Kviteseid barnehage	11,4	12,6	11,64	12,80	11,62	11,62
Samfunnsutvikling og teknisk drift	25,7	25,0	24,18	23,19	22,57	21,43
Lærling	1,0	3,0	3,00	3,00	3,00	3,00
<b>Totalt</b>	<b>221,00</b>	<b>227,41</b>	<b>225,71</b>	<b>227,74</b>	<b>219,49</b>	<b>217,06</b>

Tabell: Stillingsoversikt 2016-2022

### Lærlingar

Kommunen har stillingsheimlar for tre lærlingar og har no tre lærlingar innan helsefag.

To av lærlingane blir ferdig med læretida i 2023. Den tredje lærlingen er midt i lærlingperioden.

## **4.3 Personalpolitikk**

### **Organisasjonsutvikling**

Kviteseid kommune har fokus på eit kontinuerleg arbeid med å forbetre kommunen si evne til å handtere endring i og utanfor verksemda. Dette arbeidet handlar mykje om planlegging og å sette i verk systematisk tiltak. Det økonomiske handlingsrommet og personalressursar har sett ei grense for kor langt ein kan gå dette arbeidet. Ny kommunedirektør har sett i verke fleire utviklingssaker.

Det beli i 2022 gjennomført ei stor kartlegging som gjeld omdømebygging. Alle tilsette og politikarar blei oppfordra til å vera med og svare på spørjeundersøkinga. Det vart også gjennomført workshoppar i samband med dette, med eit utdrag av tilsette, tillitsvalde og politikarar.

Presentasjon av undersøkinga og planen for vidare handtering vart handsama politisk. Presentasjonen er lagt fram for utvida leiarforum (inkl. hovudtillitsvalde og hovudverneombod og har blitt lagt fram i alle einingar i kommunen. Kvar eining skal plukke ut 1-2 område frå rapporten som dei skal jobbe vidare med i 2023. Leiarane blir målt kvartalsvis på korleis dei jobbar med dette.

Kommunedirektøren har innført månadleg statusamtalar med leiargruppa og dei som ligg under kommunedirektøren. Her skal tema vere; «*Korleis ligg du ann med oppgåvene dine? Treng du hjelp til noko? Er det noko du vil ta opp med meg?*»

### **Kompetanseutvikling**

Budsjettposten for stipend er svært låg.

Sjå sektorområdet for helse og omsorg når det gjeld utdanning, kompetanseutvikling og statleg stønad til kompetanseutvikling i samband med Kompetanseløftet.

Sjå sektorområde for skule og barnehage når det gjeld statlege stønadsordningar for vidareutdanning.

### **Leiarutvikling**

Ny kommunedirektør har gjennomført workshops, kartlegging blant leiarane, om deira ønskjer og behov i samband med leiarutvikling. Resultatet har ført til relevante tema på to leiarutviklingsdagar i 2022. Deltagarar var leiargruppa, einingsleiarar, hovudtillitsvalde i dei største organisasjonane, Fagforbundet, Utdanningsforbundet, Fellesorganisasjonen og Norsk Sykepleierforbund og hovudverneombod.

### **Utvikling og samarbeid**

Kommunedirektøren har innført faste månadlege møte med alle leiarane i kommunen, hovudtillitsvalde og hovudverneombodet.

Tema for møta blir laga etter det leiarane meldte frå om at dei ynskja å forbetre seg på. Det har så langt vore:

- status for økonomi, budsjett, sjukefråværsoppfølging, sikkerheit og beredskap, avviksregistrering og anna
- presentasjon av alle einingane - to einingsleiarari kvart møte, presenterer sine einingar

### **Jubilantar**

Kviteseid kommune har ein stabil og god arbeidsstokk. I 2022 var to tilsette med 25 års fast teneste i Kviteseid kommune.

## 4.4 HMS

### **AMU (arbeidsmiljøutval)**

Det vart gjennomført 4 møte i utvalet, i samsvar med målsettinga

### **Bedriftshelsetenesta (BHT) - helseundersøking**

Det vert gjennomført årleg målretta helsekontroll/-sjekk av teknisk personell, røykdykkarar og fysisk test av Brannvesenet i Kviteseid kommunen. (Sjå i tabell for tiltak over)

### **Avvik**

Det kom inn 83 HMS-avvik som vart handsama i arbeidsmiljøutvalet.

### **Vernerundar**

Det vart gjennomført 1 vernerunde saman med lokale verneombod.

### **Branntilsyn**

Vest-Telemark Brannvesen IKS gjennomførte 3 branntilsyn.

Det vart gjennomført ei brann- og sårbarheitsanalyse med risikoreduserande tiltak for Vest Telemark Brannvesen, felles for kommunane Vest Telemark; Vinje, Tokke, Fyresdal, Nissedal, Seljord og Kviteseid.

### **Arbeidstilsyn:**

Arbeidstilsynet har ikkje gjennomført HMS-tilsyn.

### **Rapporterte ulukker og skader:**

Det var ingen registrerte personskader i 2022.

### **Nærvær på arbeidsplassen - Sjukefråvær**

Kviteseid kommune jobbar aktivt med tilrettelegging og omplassering der det er mogleg, slik at tilsette med nedsett funksjonsevne kan bruke si restarbeidsevne i staden for å bli uføretrygda. Andre vakter, arbeidstid og nokre oppgåver

Det er stor arbeidsbelastning på tilsette, særleg innan omsorgssektoren. Mange år i same jobb gjev slitasje og er med og påverkar sjukefråværet, men dei tilsette stiller lojalt opp så langt det let seg gjera. I tillegg har koronasituasjonen hatt stor innverknad på fråværet. Det er diverre ikkje mogleg for lønningkontoret å ta ut liste over fråvær

Det er lagt ned mykje arbeid med sjukeoppfølging og å involvere NAV, fastlege og andre i større grad. Jf. HMS-planen var målet om å auke nærværet.

Statistikk over det totale sjukefråværet syner ei reduksjon på 1,27 % i 2022, samanlikna med det totale sjukefråværet for 2021.

Tabellen nedanfor syner utvikling i totalt sjukefråvær registrert på løningskontoret.

1. *Tabell: Sjukefråvær i den kommunale organisasjonen 2016 - 2022*

	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
1. kvartal	10,1	6,24	8,38	6,3	8,4	9,99	8,69
2. kvartal	9,29	8,04	4,48	5,14	6,85	8,57	7,73
3. kvartal	6,73	5,96	7,26	5,64	9,26	9,25	6,98
4. kvartal	8,5	8,38	6,32	5,66	9,21	7,85	7,13
<b>Totalt</b>	<b>8,16</b>	<b>6,65</b>	<b>7,55</b>	<b>5,7</b>	<b>8,48</b>	<b>8,95</b>	<b>7,68</b>

#### **4.5 Likestilling**

Kviteseid kommune jobbar for likestilling og mot diskriminering. Kommunen jobbar for inkludering og mangfald og har som mål at dette skal vera integrert i alle prosessar i kommunen si verksemd.

Fordelinga mellom menn og kvinner mellom sektorane er tradisjonell, med hovudvekt av kvinner både i helse- og omsorgssektoren og i skule og barnehagesektoren. I teknisk avdeling er det berre menn.

Kjønnsfordelinga mellom sektorane er normal for ein kommune og heng saman med tradisjonelle val av yrke.

#### **4.6 Intern kontroll og etikk**

Leiarane har fokus på grunnleggjande verdiar og konsekvensar av alternative handlingar. Det vert fortløpande arbeid med å revidere interne retningsliner og rutinar.

Det gode arbeidet som går føre seg i einingane og på sektor og leiarnivå vart vidareført og sikrar ein høg etisk standard i kommunen.

Kommunen nyttar kvalitetssystemet Compilo som alle tilsette har tilgang til, med tilgang til gjeldande retningsliner, prosedyrar og reglement som gjeld HMS og personal. Det er avviksmodul for HMS og i fyrste omgang skal nyttast som avvikssystem. Det vert samstundes jobba for at dette skal vere eit internkontrollsystem, som både gir god oversikt over retningsliner og rutinar. Arbeidet med avvik fører til styrking av internkontrollsystem i kommunen.

## **5 Sektorovergripande tenester**

### **5.1 Rådmann og Fellestenester**

Samla sett utgjør rådmannetida 1,35 årsverk, inkludert flyktning og Fellestenestene 4,0 årsverk og femnar om budsjett og økonomi, arkiv, sentralbord og næring.

### **5.2 Mottaking av flyktningar frå Ukraina**

I 2022 tok me imot 25 flyktningar frå Ukraina. Dette var vaksne og born, kvinner og menn. Integreringa har gått fint. Me har fått tak i bustadar utan store problem. Flyktingane er busett sentralt i Kviteseid. Flyktningkoordinator har hatt 35% stilling til arbeidet. Flyktningkoordinator beherskar russisk som språk, noko som har vore særdeles nyttig ved mottak og oppfølging av flyktningane.

Dei som har kome er i alderen: 1-20 år: 9 personar og 20-82 år: 15 personar.

Borna har gått/går på/i Kviteseid skule, Kviteseid barnehage og på Dalen vidaregåande skule. Dei vaksne går på norskurs i Seljord, med unnateke dei 3 eldste vaksne.


Alle som går på norskurs er ute i praksis. Dei er plassert på Kiwi, Bokhandelen, blomsterhandelen, tannlegekontor i Seljord, teknisk etat Kviteseid, KOS (vasking), blikkslagar Kilen, 3 personar på Kvitsund (2 på kjøkken og 1 vaktmeister) og 1 person i Næringsshagen.

Det har vore noko bruk av lege og sjukehus, men dette reknast som vanleg bruk.

På fritida er flyktingane aktive. Dei deltek i fising (isfiske), ute i skogen og plukkar sopp, bær. Dei deltek på arrangement dei blir invitert til eller som alle kan bli med på. Nokre av borna har funne vegen til musikkskulen og dei eldste er med i dataspill klubb i Kviteseid hallen.

### **5.3 Ny organisering**

Hausten 2022 jobba leiargruppa med organisering av organisasjonen. Ut 2022 har me hatt 3 kommunalsjefar. Den eine slutta tidleg på året, kommunalsjef for skule- og barnehage. For å få til meir samarbeid mellom einingane landa kommunedirektøren på å slå saman områda Skule- og barnehage og helse- og omsorg. Området får namn velferd og me jobba med å tilsetja ny kommunalsjef for velferd. Landbruksrådgjevarane, flyktning, næring- og kultur og bibliotek blir direkte plasser under kommunedirektøren. Kommunalsjef for helse- og omsorg går inn i stilling som spesialrådgjevar. Nytt organisasjonskart frå 01.01.23 ser slik ut:



## 5.4 Statistikk Arkiv

				Ephorte	Elements	Elements
Arkiv	2018	2019	2020	2021	2021	2022
Tal på inngående journalposter	4696	4612	4406	4635	19	3847
Tal på utgående journalposter	3014	3092	2703	2678	2	2550
Tal nye saker under behandling	1799	370	1465	2497	18	1348
Tal journalposter ikkje satt ferdig uansett årstal	179	330	191	0	0	86
Tal på antall saker med status under behandling	3034	5917	5742	0	18	1815

Aktivitet tal for arkiv

Utval	Møte 2020	Politiske saker 2020	Møte 2021	Politiske saker 2021	Politiske saker 2022
<b>Kommunestyret</b>	<u>9</u>	<u>98</u>	<u>8</u>	<u>74</u>	<u>58</u>
<b>Formannskapet</b>	<u>10</u>	<u>121</u>	<u>14</u>	<u>147</u>	<u>160</u>
<b>Klima, miljø og oppvekst</b>	<u>4</u>	<u>30</u>	<u>3</u>	<u>17</u>	<u>Avslutta</u>
<b>Administrasjonsutval</b>	<u>5</u>	<u>10</u>	<u>4</u>	<u>10</u>	<u>3</u>
<b>Arbeidsmiljøutval</b>	<u>4</u>	<u>20</u>	<u>5</u>	<u>33</u>	<u>21</u>
<b>Eldrerådet</b>					<u>7</u>
<b>Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne</b>					<u>9</u>

Oversyn over saker i dei ulike utvala

## Handlingsprogram

Mål	Tiltak	Resultatindikator/effekt mål	Status
<b>Økonomi</b>			
Få leverandører til å sende faktura elektronisk (EHF)	Kontakte leverandørar	90% av alle fakturaer skal vere EHF	Ca 80% per
Prekontering av fakturaer frå faste leverandørar	Identifisere rett leverandør som er hensiktsmessig å prekontere	3. nye fakturaer frå faste leverandørar skal prekonterast.	Ikkje gjennomført, vert jobba med
Gjennomføre opplæring i økonomi og økonomisystem for einingsleiarane	Opplæring av nye leiarar, kontinuerleg oppfølging av økonomirapportering.	Alle skal kunne forklare rekneskapet sitt og kunne rapportere på månadsrapportane.	Kontinuerlig, vert særleg vekt på i kvar budsjettrevisjon.
Automatiserer faste arbeidsoppgåver mellom bank og økonomisystem	Legge til rette for automatisk filoverføring	Alle filer skal gå automatisk mellom bank og rekneskapssystem	Er satt i gang og delvis gjennomført. Ventar oppstart ERP kommune.
<b>Sak og Arkivsystem</b>			
Innføring av nytt sak og arkivsystem Elements	Felles prosjekt med Tokk og Vinje	Skal vere implementert i fyrste halvår 2022	Er ferdig og implementert
Opplæring av sakshandsamarar i sak og	Lage gode brukarmanualar.	Alle sakshandsamarar skal kunne sak og arkivsystemet.	Er gjennomført opplæring. Det er i tillegg til



arkivsystemet Elements	Tilpassa opplæring for den enkelte sakshandsamar.		brukarmanualar tatt i bruk e-læring.
---------------------------	---	--	---

## 6 Helse og omsorg

### 6.1 Sektorleiing

Administrasjonen i helse og omsorg har 1 årsverk som kommunalsjef og 2.6 årsverk på tenestekontoret.

#### Covid-19

Pandemien påverka i stor grad drifta i helse og omsorg i 2022.

Me kjem attende til pandemien i fleire samanhengar i årsmeldinga, men eg vil nemne nokre hovudutfordringar og oppgåver knytt til dette.

1. beredskapsarbeid, arbeid med planar og organisering
2. driftsutfordringar i samband med karantenerreglar, dette har påverka drifta mykje i alle einingar
3. omstilling av tenester, det har blitt jobba med å tilpasse tenestene til kva som til ein kvar tid har vore gjeldande retningsliner i samband med pandemien
4. rapporteringar, dette har me bruka mykje kapasitet på

Dei tilsette i Helse og omsorg i Kviteseid kommune gjorde i 2022 ein fantastisk innsats i ei krevjande tid.

#### Samhandlingskoordinator

Funksjonen som samhandlingskoordinator er eit spleiselag mellom Sykehuset Telemark (STHF) og kommunane i Vest-Telemark. Ansvarsområdet er relatert til samarbeid mellom sjukehuset og kommunane, med fokus på oppfølging og revisjon av avtaler, faste fag –og samarbeidsmøte, samt ulike prosjekt som medverkar til utvikling av helse og omsorgstenestene i regionen og fremjar samhandlinga mellom kommunane og STHF. Året 2022 er andre året med den nye samarbeidsstrukturen *Helsefellesskap*, som er forankra i avtale mellom KS og regjeringa. Intensjonen med Helsefellesskapet er at helseføretaket og kommunane i opptaksområdet skal møtes for å planlegge og utvikle tenestene saman. Helsefellesskapet er etablert i ein tre-delt samarbeidsstruktur med Partnerskap, Strategiske samarbeidsutval og Faglege samarbeidsutval. Samhandlingskoordinatorane utgjer sekretariatfunksjonen i Helsefellesskapet.

Det er skrive eigen årsrapport frå arbeidet i Helsefellesskapet, som er tilgjengeleg på <https://www.sthf.no/helsefaglig/samhandling/helsefellesskap-i-telemark#arsrapport>. Det er også utarbeid ei meir utfyllande årsmelding som omhandlar samhandlingskoordinator sitt arbeid i tillegg til arbeidet i Helsefellesskapet.

Pågåande prosjekt i 2022 har vore:

Prosjekt	Prosjekteigar
Akuttkjedeprojektet	STHF
Desentralisert kreftbehandling, lindrande behandling og omsorg	Tokke kommune
Vurdering av Rask psykisk helsehjelp (RPH) i Vest-Telemark	Kommunane i Vest-Telemark
Gode pasientforløp, Kviteseid kommune er med	Kvar kommune/KS

**Folkehelse:**

Ein av helsesjukepleiarane har i tillegg funksjonen som folkehelsekoordinator. Ho jobbar med folkehelse innanfor ressursen sin, og måtte prioritere tidsbruken strengt.

**Velferdsteknologi:**

Me har i løpet av 2022 jobba vidare med velferdsteknologiprojektet i Vestfold og Telemark. Tryggleiksalarm og elektronisk medisinstøtte (pilly) er i drift.

**Tenestekontoret**

Tenestekontoret har til saman 2,6 årsverk fordelt på 3 tilsette. Kontoret held til på kommunehuset og har ope alle kvardagar. I 2022 har me hatt 1,8 stilling. Med redusert kapasitet, har me prioritert arbeidet med tildeling av tenester og vedtak. Me har sett ein del plan- og systemarbeid på vent.

Tenestekontoret skal ta imot og handsame søknadar, fatte avgjersler og einskildvedtak om tildeling av tenester som i hovudsak omfattast av *helse- og omsorgstenesteloven*. Tenestekontoret tek fyrste kartleggingsbesøk hjå søkjar av tenesta og formidlar vidare til einingane.

I 2022 er det gjort 360 vedtak i pleie – og omsorg. Me har ansvaret for sakshandsaming av søknader til Husbanken, startlån og tilskot. Det har i 2022 vore kr 3 000 000,- til startlån og kr 180 000,- til tilskot (tilskot er inne i budsjettet som rammetilskot). Tenestekontoret administrerer TT-ordninga. Søknad, legeattest og vår uttale blir sendt vidare til fylkeskommunen for vedtak. Me handsamar også søknadar om fylgjekort (“Ledsagerbevis”).

Tenestekontoret er ansvarleg for samhandling mellom 2.linje-tenesta (sjukehus), legetenestene og pleie- og omsorg i kommunen ved e-meldingstenesta. Me overvakar e-meldingar kvar vekedag og er ansvarleg for å formidle vidare til einingane og finne tilbod til pasient/brukar med endra hjelpebehov.

Tenestekontoret har og funksjonen som kommunen si koordinerande eining for habilitering og rehabilitering. Koordinerande eining skal medverke til å sikre heilskaplege og koordinerte tilbod til pasientar og brukarar med trong for tenester frå fleire fagområde, nivå og sektorar. Ansvaret omfattar alle pasient- og brukargrupper med trong for langvarige og koordinerte tenester. Koordinerande eining har eit overordna ansvar for individuelle planar og for oppnemning, opplæring og rettleiing av koordinatorane i kommunen.

Tenestekontoret har og ansvaret for eigenbetaling og vederlagsberekning for tenestene i pleie- og omsorg, samt systemansvar for programvare Profil og GAT.

## **6.2 Kjøken og vaskeri**

Kjøken: 2,7 % årsverk, 10% sekretær og 10% vakant

Det er ein person som nyttar ein VTA plass her på kjøkenet, 4 dagar i veka. Det er utviklande for personen og gjev personen ein trygg og god kvardag. Han bidreg stort til den daglege drifta av kjøkkenet.

Me har fokus på matsvinn heile året. Har dialog med KOS om matmengde og matsvinn.

Kvart år har me IK-mat revisjon. Kontroll av ymse rutiner på kjøkenet. Her får me toppskår!!

Kjøkenet har i snitt levert middag til Lundenjordet 7 dagar i veka, mellom 8 og 11 personar har nytta detta tilbodet. F.o.m. hausten 22 blei det redusert ned til 6 dagar i veka

Det har blitt servert fire måltid på KOS kvar dag, med frukost kl. 0900, lunsj kl. 1200, middag kl.1500 og kveldsmat kl. 1700.

Kjøkenet legger stor vekt på å servere ein variert, god og næringsrik kost til brukarane. Me har ein 5 vekers meny som vart rullert. Det var om lag 29 middagsrettar og om lag 25 lunsjrettar. Kake/dessert vart servert annankvar dag. Det vart og lagt vekt på ønskekost og spesialkost og diettar.

Kvar tysdag og torsdag har me utlevering av middag til heimebuande pensjonistar gjennom ordningen ``ELDRE HJELPER ELDRE``

Det har vore lite catering i 2022 grunna pandemien. «Torsdag-treffen» har vore avlyst.

### **Vaskeri:**

0,70% årsverk.

Vaskeriet har vore bemanna 3 dagar og 4 dagar anna kvar veke. Alt pasienttøy vart nøye sortert før vask, deretter vart det tørka, stryke og sortert på tralle. Vaskeriet vaska alt av arbeidstøy for kjøkenet, KOS, HSJP og legekantor. Vaskemaskinene/vaskerommet er gammaldagse og oppfyller ikkje krava som gjeld i dag. Som m.a. rein og urein sone. Med dei føresetnadane, så har vaskeripersonalet utført ein særskilt god jobb i denne pandemiperioden. Me bør sjå på om me kan investere i eit nytt vaskeri.,

### **Covid-19:**

Kjøken/vaskeri har hatt lite koronarelatert fråver i 2022. Det vart utarbeidd rutiner for vaskeri, med tanke på levering av smittetøy.

### **6.3 Heimetenesta**

Heimetenestene er som kjent ei relativt uføreseieleg teneste som er vanskeleg å dimensjonere. I Kviteseid er det lange avstandar, ein del turisme og ikkje minst mange eldre innbyggjarar. Brukarane sine behov kan endre seg raskt, og ein kan få nye brukarar med både små og omfattande behov på kort varsel. Ein har etter lovverket krav på helsehjelp der ein oppheld seg, og heimetenesta har heller ingen øvre grense på talet på brukarar. Det kan aldri bli «fullt». Det er behovet for helsehjelp som avgjer om ein har rett på hjelp, ikkje kapasiteten og ressursane.

Me veit at talet på eldre vil auke i åra framover, og at stadig meir avansert pleie og behandling skjer ute i kommunane. Det er ikkje berre eldre som har behov for hjelp i heimen. Det er og yngre personar med kortvarige behov, eller med langvarige behov på grunn av kroniske sjukdommar. Me ser og ein klar tendens til at stadig fleire ynskjer å døy heime, og dette er ofte yngre brukarar. Dette kan vera svært utfordrande og krevjande situasjonar å stå i, og det krev god samhandling, god opplæring og høg kompetanse. Me har gjennom fleire år utvikla eit godt samarbeid med Palliativt team i STHF, noko som har vore heilt avgjerande for å kunne utvikle og gje eit godt tilbod.

Fagsjukepleiar, som og er kontaktsjukepleiar for kreftpasientar, har i 2022 vore med i arbeidsgruppe i Telemark for «Pakkeforløp heim». Dette er eit tilbod om samtaler/oppfølging til alle innbyggjarar som får ei kreftdiagnose. Kviteseid kommune er ein av pilotkommunane i Telemark.

Tilsette ved dagsenteret og einingsleiar har vore med i prosjektet «Gode demensforløp». Prosjektet held fram i 2023.

Heimetenesta må vera ei sær s fleksibel teneste med brei kompetanse. Fokus på fag og systemarbeid er viktig for pasienttryggleiken og kvaliteten på tenestetilbodet, og er heilt grunnleggjande for å møte dagens behov for helse- og omsorgstenester. For at dei tilsette skal oppleve meistring og tryggleik i jobben sin er det og heilt avgjerande å ha dette som eit fokus. Dei møter eit stort spenn av faglege utfordringar, og dei arbeider stort sett ute åleine. Fagsjukeleiar er ei nykjelrolle i dette arbeidet. Fagsjukepleiar har i 2022 arbeidd mykje med oppdatering av legemiddelprosedyrer i Compilo.

Fleire tilsette gjennomførte Eldreomsorgens ABC i geriatri. Einingsleiar har tatt Lederskolen gjennom Visma Veilederen.

Pandemien prega starten på 2022, og karanteneroglar og smitte blant tilsette gjorde at det var ein del frávær på grunn av dette i starten av året. Korttidsfráværet blant tilsette har som vanleg variert i løpet av året. Det har vore fleire langtidssjukemeldingar i 2022. Det er krevjande å få tak i nok vikarar, spesielt sjukepleiarar. Dette merka me spesielt godt i avviklinga av sommarferien.

## 6.4 Eining for funksjonshemma

EFF er ei eining i stadig vekst. Me yter tenester i skule, barnehage, dagsenter og i heimen til den enkelte. Brukargruppa er frå 2-85 år. Dette gjer at me har eit veldig spenn i tenesta. Me har dette året starta arbeidet med å overføre hovudansvaret for born med funksjonsvariasjonar i skule og barnehage til skulen/bhg der vedtaka ligg. Det er framleis eit samarbeid mellom einingane kring desse borna då det er heilt nødvendig. Det er veldig individuelt kva og kor mykje bistand den enkelte treng i kvardagen sin. Alle tenester styrast av den enkelte sitt vedtak. Leiar i eininga har også ansvar for støttekontaktar og avlastarar i kommunen uavhengig av årsaka til behovet for støttekontakt/avlastning. Kviteseid kommune har mange innbyggjarar med vedtak om støttekontakt/avlastning.

Stillingar:

- Me har hatt nokre utskiftingar blant personalet, og har ikkje klart å skaffa den kompetansen me treng på utlysingar i 2022 når det gjeld høgskulegruppa. Me har for få vernepleierar slik stoda er no. Me har hatt andre høgskuleutdanna personal, men ser stadig at behovet for fleire vernepleierar er viktig og nødvendig.
- Me har hatt helsefagarbeidarlærling i 100 % stilling januar - februar samt august – desember.

Kompetanseheving:

- 1 tilsett er under utdanning til å bli vernepleiar.
- 1 tilsett er under utdanning i ein bachelorgrad i anvendt psykologi.
- 1 tilsett vart ferdig utdanna helsefagarbeidar.
- 1 tilsett er under utdanning til å bli helsefagarbeidar.
- 1 tilsett starta på fagskuleutdanninga i Miljøarbeid retta mot menneske med funksjonsnedsetting/utviklingshemming i Seljord.
- 1 tilsett har fullført fagskule innan Velferdsteknologi via nettskule
- HAVO har etablert leiar- og fagnettverk for høgskulegruppa i fylket. 2 vernepleierar deltok på fagnettverket og leiar deltok på leiarnettverk.
- Einingsleiar har fullført Lederskolen via veilederen.no
- Me har fokus på e-læringskurs gjennom året for alle tilsette.

Sjukefråvær:

- Sjukefråveret har vore noko høgt på hausten, både i form av langt- og kortidsfråvær. Det ser ut til å ha vore meir luftvegsinfeksjonar/dråpesmitte sjukdommar som går etter 2 år med strenge restriksjonar.

## 6.5 Kviteseid omsorgssenter(KOS)

KOS har i 2022 gjenge ned frå 36 til 34 sengeplassar fordelt på 4 avdelingar:

- Avd A – 8 langtidsplassar
- Avd B - 10 langtidsplassar
- Avd C – skjerma enhet – 5 langtidsplassar
- Avd D – 6 langtidsplassar, 4 korttidsplassar og 1 KAD plass (øyeblikkeleg hjelp). Det hender at korttids plass vert nytta til avlastning.

Normalt sett er ei innlegging på KAD-plassen avgrensa til 3 døgn, men det kan forlengast noko ved behov. Etter dette skal det vera avklara om pasienten skal innleggast på sjukehus, overførast til kort- eller langtids plass eller skrivast ut til heimen. KAD-plassen skal vera ein erstatning for innlegging på sjukehus, og det stiller store faglege krav til oss.

Belegg KAD-plass: 85 døgn

Belegg korttids-/langtids plassar: 97,25%

I 2022 var KOS i ein mykje betre driftssituasjon med ein forsvarleg sjukepleiedekning. Bruken av vikarbyrå blei avslutta 28.02. Me jobba mykje med å få på plass autorisasjonar for vårt framandspråklege helsepersonell.

Me hadde framleis driftsutfordringar i samband med pandemien, grunna framleis smitte hjå pasientar og tilsette.

Fagutviklingssjukepleiar har jobba mykje med å kvalitetssikre kompetanse i høve til smittevern og andre faglege oppgåver.

Sidan Kviteseid kommune ikkje har forsterka skjerma avdeling, var det framleis naudsynt å vidareføre ei avtale med annan kommune i samband med ein konkret pasient.

I 2022 starta me prosessen med å opprette eit pårørandeutval.

#### Økonomi

Det har vore jobbe mykje med å få økonomisk oversyn og kontroll etter ei tid med særskild krevjande drift. Einingsleiar, kommunalsjef, økonomisjef og kommunedirektør har jobba tett saman om dette. Dette har vore ein komplisert og stor jobb å rydde i fortid, der det var naudsynt å bruke mykje tid og krefter på dette. Me fekk gradvis betre kontroll og oversyn. Dette arbeidet held fram i 2023.

## **6.6 Helsesenteret**

### **6.6.1 Helsestasjon- og skulehelsetenesta**

- Fødselstalet i 2022 vart 17 stk. i Kviteseid og desse har hatt oppfølging av jordmor.
- Helsestasjonen har tilbydd alle foreldre i barnehagane i kommunen kurs i foreldrevegledning (COS-p).
- 2022 har også i år vore «påverka» av pandemien. Me har hatt ansvar og koordinering for alt av koronavaksinering i kommunen.
- Helsestasjonen og skulehelsetenesta har eit godt samarbeid med barnehagane og skulane i kommunen. Ein har fått på plass faste trefftider i barnehagane og skulane i kommunen.
- Tenesta merkar auka pågang frå born som har trong for koordinator og koordinerte tenester.
- Helsestasjonen har auka stor pågang dette året med ekstra oppfølging hjå enkelte born. Det er meir komplekse og samansette problem eller utfordringar no enn tidlegare. Allereie no kan ein sjå konsekvensar etter pandemien.
- Helsestasjon for ungdom (HFU) har hatt auka besøkstal.

## 6.6.2 Psykisk helse og rustenesta

- Me ser framleis at den kommunale tenesta i aukande grad får henvisningar med komplekse saker og omfattande hjelpebehov. DPS har også stort trykk og brukarar får ofte avslag ved henvisning dit. Forventning frå 2. linetenesta om at kommunane har kompetanse til å fylgje opp desse brukarane gir tenesta et stadig meir komplekst behov for kompetanse. Me ser noko auke av brukarar med rusproblematikk. Nye henvisningar kjem stort sett frå fastlegane, samstundes som me opplever at brukarar i auka grad sjølv tek kontakt på vakttelefon. Dette er positivt då me ynskjer å vere ein lett tilgjengeleg teneste.
- Me etablera fleire lågterskeltilbod. Bålgruppe ved Ågapet kvar onsdag, hobbygruppe på Krodokk annankvar torsdag samt ungdomskafé på Hvidesøe annankvar torsdag og to samlingar med jentesnakk på Kvitsund. Det var ved hjelp av prosjektmidlar me fekk etablert desse gruppene, og me ser behovet for at slike tilbod vidareførast framover.
- Me etablera eit samarbeid med Norse, eit viktig kartleggingsverktøy for å sikre brukarmedverknad og ei betre oppfølging.
- Tre av dei tilsette i tenesta deltok på KID-kurs (kurs i depresjonsmestring), der dei i etterkant blei sertifiserte kurshaldar i KID.
- Rusforumet i Vest-Telemark er godt i gang med jamlege møte gjennom året. Me ser at rus, og tilgangen til rus er eit aukande problem i kommunen, og vidare arbeid med førebygging og tilgjengelege tenester er viktig.
- I oktober inviterte me Kviteseids innbyggjarar til markering av verdsdagen for psykisk helse. Markeringa vart gjort i samarbeid med Frivilligsentralen og Kviteseid Sanitetslag.
- Eit tiltak i arbeidet med å gjera tenesta lettare tilgjengeleg er den opne Facebook-sida me oppretta i 2022 med namn «Kviteseid psykisk helse- og rusteneste». Her har me laga ein oversikt over eksisterande tilbod i tenesta, og legg jamnleg ut anna relevant informasjon. Me ser at me når ein del brukarar her.

### Barn og unge:

- Arbeidet i psykisk helse barn og unge har i 2022 fortsett å ha fokus på utvikling av tverrfagleg samarbeid på systemnivå. Faste samarbeidsmøte med Kviteseid skule om lag ein gong i månaden, sosialpedagogisk samarbeidsteam ved Kvitsund kvar 14. dag, BUP-drøftingar (to gonger på våren og berre ei gong i haust grunna manglande ressursar ved BUP) og samarbeidsmøte med tenestekontoret ein gong i månaden. I tillegg møtast psykisk helse barn/unge, ruskonsulent, fysio/ergoterapeut, helsesjukepleiar og jordmor ein gong i veka for å drøfte felles saker, førebyggjande arbeid osv.
- Me ser ein auke i problematikk kring både rus og ufrivillig skulefråvær. Me er invitert med inn i eit samarbeid med Kviteseid skule for å arbeide med dette.
- Oppstart av ungdomskafé på Kafé Hvidesøe. Dette vart drifta av prosjektmidlar. Det har vore eit samarbeid med frivillighetssentralen og kafé Hvidesøe, og har hatt som mål å skape ein trygg hengeplass for ungdom i bygda.
- Det er vedteke ei innsparing på kr 515 000 kroner i 2022, 2023, 2024 og 2025 i psykisk helse- og rusteneste. For å klare å møte innsparinga for 2022, utan at det fekk større konsekvensar for tenestetilbodet, bruka me prosjektmidlar til å finansiere stillinga som fagleiar og utviklingsarbeidet som var planlagt. Dette var midlar knytt til mellombels styrking av eksisterande behandlingstilbod innan psykisk helse og rusarbeid me fekk tildelt tidlegare. Me har eit større arbeid framfor oss for å klare desse innsparingane i åra som kjem.

### 6.6.3 Fysio- og ergoterapitenesta

- Ergoterapeut brukar i gjennomsnitt 0,5 årsverk på hjelpemiddelformidling og 0,1 årsverk på ergoterapirelaterte oppgåver i si stilling. Store delar av dei ekstra 20 % ressursane som ergoterapeut har hatt i år har blitt bruka på hjelpemiddelformidling.
- Ergoterapeut og fysioterapeut er ein del av meistringsteamet i kommunen og har vore med i prosjektet «gode pasientforløp» som starta hausten -21. Det har vore 2 samlingar i prosjektet og jamlege møte i den kommunale prosjektgruppa.
- Kommunal fysioterapeut i 100% brukar 40 % av si stilling retta mot born, og har frå sommaren 2022 difor vore i gjennomsnitt to dagar i veka på helsesenteret/barnehage/skule.
- Fysioterapeut har og vore involvert i oppstart av «liv og røre»-prosjekt i barnehagane i Kviteseid.
- Gruppetilbod har fortsatt ikkje kome i gong etter covid-19.
- Kommunal fysioterapeut har i 2022 hatt 20 % til bruk i administrative oppgåver retta mot etterregistrering av covid-19 vaksiner.

### 6.6.4 Legekontoret

- Det har vore eit krevjande år på legesida. Tidvis har legekontoret berre hatt ein fastlege på arbeid og belastninga på denne har vore stor. Vikarbruk har vore naudsynt, men dette har ein høg kostnad. Dette gjev heller ikkje god nok kvalitet og kontinuitet i pasientoppfølginga. I sommarferien hadde me samdrift i Seljord i 4 veker.
- Det har vore krevjande å dekke opp vakter i legevaktsamarbeidet.
- Journalsystemet Infodoc sky er på plass etter ein del innkøyringsproblem.
- Me gjekk over til nytt betalingssystem som fungerer godt
- Det har vore naudsynt med hard prioritering av legane si tid.



## Handlingsprogram

Mål	Tiltak	Resultatindikator/effekt mål	Status
<b>Overordna felles handlingsprogram helse og omsorg</b>			
<i>Sikre gode og føreseielege helse- og omsorgs tenester over tid</i>	Utarbeide helse og omsorgsplan	<i>Ferdig helse- og omsorgsplan</i>	<i>Ferdig</i>
<i>Betre pårørandeomsorg</i>	Innføre tilbud om faste pårørandesamtaler	<i>Betre samarbeid med pårørande der dei opplever seg sett og høyrd</i>	<i>Det er oppretta pårørande utval på KOS hausten 2022</i>
<i>Kompetanseheving, kunnskapsspreiing og større fagleg breidde hjå dei tilsette sikre kunnskapsbasert praksis</i>	Opprette fagutviklingsnettverk med fagutviklingsansvarlege sjukepleiarar/vernepleiarar	<i>Felles prosedyrer på plass, felles undervisning og praktisk trening/simulering</i>	<i>Det er i gang</i>
<i>Betre og tryggare pasientforløp</i>	Vera med i nettverket Gode pasientforløp	<i>Betre samhandling. Vera med på 3 samlingar med «Gode pasientforløp» i 2022, oppgaver mellom samlingane</i>	<i>I gang</i>
<i>Betre kvalitet på medikamenthandtering og ressursutnytting</i>	Innføre Multidose på KOS, heimetenesta og Eining for funksjonshemma	<i>Innført Multidose, betre medikamenthandtering, mindre svinn og betre ressursutnytting</i>	<i>Ikkje innført grunna legedekning</i>
<i>Førebyggje og redusere under- og feilernæring</i>	Opprette eit tverrfagleg ernæringsnettverk i helse og omsorg. Måltidet som ein del av miljøarbeidet	<i>Matglede hjå brukarane våre. Rett ernæring til rett tid i ei trygg ramme</i>	<i>I gang</i>
<i>Energisparing</i>	Betre samhandling med teknisk drift rundt bruk oppvarming	<i>Rett energiforbruk, rett bruk av ressursar</i>	<i>Merkar det kvar dag</i>
<i>Betre utnytting av kvalitetssystemet</i>	Felles opplæring i Compilo for fagutviklingsnettverket, og opplæring av tilsette	<i>Betre struktur i Compilo med oppdaterte prosedyrer</i>	<i>I gang</i>
<i>Jobbe for betre turnusar og ressursbruk</i>	Starte eit arbeid med Årturnusar	<i>Betre turnusar og ressursutnytting</i>	<i>Me kom ikkje i gang med dette. Me ser på dette i 2023</i>
<b>Tenestekontor/koordinerande eining</b>			
<i>Betre informasjon til innbyggjarane om tenestene</i>	Arbeide med heimesida Informasjonsskriv til søkjarar av tenester	<i>Heimesida har nyttig informasjon frå tenestekontoret i løpet av 2022</i>	<i>Er i gang</i>
<i>Tydelegare kriteriar for tildeling av tenester</i>	Utarbeide retningslinjer og kriteriar	<i>Retningslinjer og kriteriar er skriftleg nedtegna i løpet av 2022</i>	<i>Utkast er ferdig</i>

<i>Kontinuerlig forbetring av sakshandsamingsprosessane</i>	<i>Evaluere alle vedtaksmalar årleg. Evaluere prosedyrar kring vedtaksprosessane Utvikle kartleggingsverktøy for støttekontakt, avlasting og omsorgsstønad</i>	<i>Vedtaksmalar, prosedyrar, kartleggingsverktøy er stadig oppdaterte</i>	<i>I gang, kontinuerleg arbeid</i>
<i>Vera med på intern kompetanseoppbygging</i>	<i>Medverke på intern undervisning og kompetanseoppbygging i fagutviklingsnettverket</i>	<i>Auka kompetanse internt på lovverk og journalføring i Profil</i>	<i>I gang</i>
<i>Dokumentere samhandling med einingane i helse og omsorg som koordinerande eining.</i>	<i>Halde på noverande møtestruktur Betre skriftleg dokumentasjon</i>	<i>Møte med EFF, psykisk helse og barn/unge ein gong kvar månad. KOS/Heimetenestene kvar veke. Dokumentere i pasientjournal det som er teke opp i møtet</i>	<i>I gang</i>
<b>Kjøken og vaskeri</b>			
<i>Redusere matsvinn</i>	<i>Meir nøyaktig mengdeberekning og vurdere restebbruk i større grad</i>	<i>Mindre matsvinn, betre ressursutnytting</i>	<i>Redusere matsvinn</i>
<i>Inkluderande arbeidsplass</i>	<i>Tilby plass for personar med utfordringar i kvardagen</i>	<i>Meiningsfull kvardag og personleg utvikling. Fleire i jobb</i>	<i>Inkluderande arbeidsplass</i>
<i>Energisparing</i>	<i>Fylle oppvask korgene maksimalt. Utnytte steike ovnane best mulig. Sam koking/steiking. Plan legge bruken.</i>	<i>Betre utnyttelse av energibruken. Meir effektivbruk av maskinene og arbeidskraft. Dette gjev ein `viss` økonomisk gevinst.</i>	<i>Energisparing</i>
<b>Eining for funksjonshemma</b>			
<i>Kompetanseheving hos personalet generelt</i>	<i>Delta på fleire relevante kurs og webinar Gjennomfør ABC del 2 for alle som har tatt del 1. Gjennomføre ABC del 1 for nyttilsette.</i>	<i>Betre kvalitet på tenesta. Meir samkjørt personale som vil dra same veg.</i>	<i>Kontinuerleg</i>

<b>Mål</b>	<b>Tiltak</b>	<b>Resultatindikator/effekt mål</b>	<b>Status</b>
<b>Heimetenesta</b>			
<i>Kompetanseheving, oppretthalding av kompetanse og sikring av lik kompetanse og praksis. Auka tryggleik i faglege prosedyrar. Sikre rett bruk av utstyr.</i>	<i>Innføre årleg fagdag med godkjenning i utvalde sjukepleieprosedyrar og medisinskteknisk utstyr. Auka fokus og systematisering av e-læring, praktisk trening og internundervisning.</i>	<i>Auka kompetanse og oppretthalden kompetanse. Meir lik kompetanse og praksis. Tryggleik i faglege prosedyrar. Rett bruk av utstyr.</i>	<i>I gang</i>
<b>Kviteseid omsorgssenter</b>			
<i>Stabil og føreseieleg drift på KOS for pasientar og tilsette</i>	<i>Jobbe vidare med turnus, stillingsstorleikar og drift, rekruttering og kompetanse</i>	<i>Stabil og føreseieleg drift på KOS for pasientar og tilsette</i>	<i>Jobbe vidare med turnus, stillingsstorleikar og drift, rekruttering og kompetanse</i>
<i>Sikre medbestemming og inkluderande beslutningsprosessar</i>	<i>Personalmøte, medarbeidarsamtaler, medbestemmingsmøte, gruppemøte</i>	<i>Sikre medbestemming og inkluderande beslutningsprosessar</i>	<i>Personalmøte, medarbeidarsamtaler, medbestemmingsmøte, gruppemøte</i>
<i>Betre datanettverk på KOS</i>	<i>Fiberutbygging til KOS, og nettverksutbygging på KOS</i>	<i>Betre datanettverk på KOS</i>	<i>Fiberutbygging til KOS, og nettverksutbygging på KOS</i>
<i>Handtere Covid-19 på ein forsvarleg måte</i>	<i>Vidareføre beredskaps inndeling i kohortar ved smitte. Dette tyder at me vil ha 36 pasientrom totalt med langtids plassar, korttids plassar og ØHD</i>	<i>Handtere Covid-19 på ein forsvarleg måte</i>	<i>Vidareføre beredskaps inndeling i kohortar ved smitte. Dette tyder at me vil ha 36 pasientrom totalt med langtids plassar, korttids plassar og ØHD</i>
<b>Helsesenteret</b>			
<i>Me er gode lagspelarar</i>	<i>Vidareutvikle samhandlingsarenaer mellom dei ulike fagområda på helsesenteret, og samarbeid med andre nærkommunar</i>	<i>Me er gode lagspelarar</i>	<i>Vidareutvikle samhandlingsarenaer mellom dei ulike fagområda på helsesenteret, og samarbeid med andre nærkommunar</i>
<i>Me tar i bruk kunnskap og teknologi for ei betre helse</i>	<i>Gjennomgang av moglegheit for digitalisering av ulike teneste, herunder sjå på moglegheit for innføring av helserespons på legekantoret og oppgradering av nettsider for</i>	<i>Me tar i bruk kunnskap og teknologi for ei betre helse</i>	<i>Gjennomgang av moglegheit for digitalisering av ulike teneste, herunder sjå på moglegheit for innføring av helserespons på legekantoret og oppgradering av nettsider for</i>

	<i>legekantor og psykisk helse og rustenesta</i>		<i>legekantor og psykisk helse og rustenesta</i>
<i>Me rekrutterer, utviklar og beheld kompetent personell</i>	<p><i>Utarbeide kompetanseplanar for helsesenteret og dei ulike fagområda</i></p> <p><i>Sjå på moglegheit for eit samarbeid med nærkommunar om kompetanseheving og fagutvikling.</i></p> <p><i>Nettverksgrupper for ulike roller og funksjonar</i></p> <p><i>Gjennomgang og kvalitetssikring av interne rutinar og strukturar</i></p> <p><i>Arbeide med leganes timeplan og tidspunkt for rettleiing og administrative oppgåver</i></p>	<i>Me rekrutterer, utviklar og beheld kompetent personell</i>	<p><i>Utarbeide kompetanseplanar for helsesenteret og dei ulike fagområda</i></p> <p><i>Sjå på moglegheit for eit samarbeid med nærkommunar om kompetanseheving og fagutvikling.</i></p> <p><i>Nettverksgrupper for ulike roller og funksjonar</i></p> <p><i>Gjennomgang og kvalitetssikring av interne rutinar og strukturar</i></p> <p><i>Arbeide med leganes timeplan og tidspunkt for rettleiing og administrative oppgåver</i></p>

## 7 Skule og barnehage

Sektor for skule og barnehage består av desse einingane med slik bemanning hausten 2022:

- Kviteseid skule har 218 elevar 34 årsverk.
- Brunkeberg oppvekstsenter, skule har 15 elevar og 3,30 årsverk.
- Straumsnes barnehage har 21 plassar og 4,43 årsverk
- Brunkeberg oppvekstsenter, barnehage har 57 plassar og 12 årsverk
- Kviteseid barnehage har 59 plassar og 12,6 årsverk
- Barnehagane har 0,8 årsverk i styrka tilbod til barn med behov for spesialpedagogisk tilrettelegging (spesialpedagog)
- Skuleeigar, barnehageeigar og barnehagemynde har ikkje hatt ein leiar frå hausten 2022 (Kommunenivå)

Skulane og barnehagane har gjennomført planleggingsdagar i tråd med avtale (seks per skuleår og fem per barnehageår). Skulane og kulturskulen har faste personalmøte kvar veke.

Alle barnehagane har gjennomført personalmøte i gjennomsnitt ein gong kvar måned, utanom juli. Det har vore leiarsamlingar for alle leiarane i kommunene ca kvar 6. veke, utanom juli

### **Status og utfordringar i skule og barnehage**

Hausten 2022 starta skulane opp som normalt utan pandemi som fokus. Hausten har derfor vore så godt som tilbake til normalen med tanke på drift. Skulen merkar endring etter tida i pandemi, og det kjem særleg til syne i samhandling mellom born, ufrivillig skulefråvær og tilvenning tilbake til eit normalt heim-skule samarbeid.

Budsjettvedtaket har gjort til at det er usikkerheit og frustrasjon i personalgruppa grunna reduksjon i årsverk knytt opp mot spesialpedagogikken.

Sidan Sigrun Kvamme har permisjon frå stillinga si som rektor skuleåret 22-23, har det vorte gjort endringar i leiarstrukturen ved Kviteseid skule, den er som fylgjer:

Odd-Arne Thorbjørnsen (avdelingsleiar 8-10) har vikariat for Sigrun i rektorstillinga, Rita Aafløy Bredesen (avdelingsleiar 1-7) har vikariat som Ass.rektor/avdelingsleiar 1-10. I tillegg er teamleiarfunksjonen tilbake, dette utgjer om lag 6% frikjøpa av teamleiar på kvart av dei tre teama, totalt om lag 18% . Rebecca Ofte tilsett som avdelingsleiar for skule i 50% ved Brunkeberg oppvekstsenter frå 01.01.2023.

Skulen har i skuleåret 21/22 samarbeida med Paul Viktor Viker i «God skole». Samarbeidet handlar om å etablere og oppretthalde trygge og gode læringsmiljø og bygger på tre grunnsteinar; foreldresamarbeid, felles standardar og elevsamtaler. Dette samarbeidet er nå avslutta, men dette er framleis verdiar skulen prøvar å halde fast ved.

Skule og SFO har inngått avtale med Liv og Røre, dette startar opp hausten 23. Her får skulen tilskot til kjøp av materiell og frikjøp av ambassadørar, det er også høve til å søke støtte til andre satsingsområde innanfor dette feltet. Målet me å implementere dette er å få til meir strukturert læring gjennom leik/rørsle i skulekvardagen til borna.

Vi har utfordringar knytt opp til rom, både på mellomsteget og småskulen.

Barnehagane har også hatt ein normal start utan at pandemien set sitt fokus. Barnehagane merkar inga stor endring etter pandemien og drifta går føre seg som normalt.

Barnehageåret 2021/2022 vart Straumsnes barnehage driven under Kviteseid barnehage. Frå 01.08.2022 vart det tilsett eigen styrar i 40% administrativ stilling, Det har vore positivt for barnehagen si drift og utvikling å hatt ein leiar som er «på huset».

Brunkeberg barnehage fekk oppretta ei ny avdeling i kjellaren på barnehagebygget deira for å få plass til førskuleborna, denne er oppretta midlertidig for å fungere barnehageåret 2022/2023. Det har vore bra å hatt eigen avdeling til førskuleborna, men lokala har ikkje vore bra. Det har lukta mykje mugg og «gamal kjellar» der nede. Skal den brukast meir bør det vere ein betydeleg oppgradering av lokalet.

Barnehagane har hausten 2022 starta prosjektet «Liv og Røre» i regi av fylkeskommunen, i samarbeid med helsesjukepleiar og fysioterapeut i kommunen. Heile personalet har blitt kursa i dette og kvar barnehage har valt ut ressurspersonar som skal ha eit større ansvar for å drive prosjektet. Prosjektet handlar i hovudsak om å ha eit fokus på sunt kosthald i barnehagen, samt auka fokus på fysisk aktivitet.

Barnehagane har også vore ein del av Rekomp som er eit samarbeid mellom fylket og USN, med mål om å auke kompetansen hjå dei tilsette. I år har fokuset vore på Liv og Røre prosjektet, men vi har også hatt planleggingsdag og personalmøter der fokuset har vore å skape eit trygt og godt arbeidsmiljø.

Alle barnehagane har utfordringar ved å få nok tilsette med godkjent utdanning. Vi har fleire som går på dispensasjon kvart år, for å tilfredsstille krava om pedagogisk bemanning. Kviteseid barnehage har også gjennom fleire år hatt utfordringar med dårlege lokale og nok barnehageplassar.

Kompetanseløftet, pulje 3.

I samarbeid med Statsforvaltaren vert det gjennomført eit kompetanseløft knytt til spesialundervisning. Dette startar hausten 2023.

Oppvekstplan

Det er i gang eit arbeid både i VT-regionen og lokalt for å få på plass ein heilskapeleg oppvekstplan. Planen skal vere ferdig i løpet av 2023.

I Vest-Telemarksamarbeidet har vi gjennomført både styrarsamlingar og rektornettverk i stor grad som planlagd. Både for å legg vekt på å skape ein arena for fagleg påfyll, erfaringsutveksling og utvikling for leiarane og gjennomførast i samarbeid med Universitetet i Sør-aust Noreg (USN).

Sektoren har hatt to tilsyn frå Statsforvaltaren gjennom året. Det eine knytt til rolla som barnehagemynde. Det andre knytt til Kviteseid skule og spesialundervisning. I tillegg har interkommunal PP-teneste hatt tilsyn mellom anna knytt til arbeidet med å utarbeide sakkunnige vurderingar. Tilsyna avslutta i 2022.

### **Tverrfagleg arbeid**

Hausten 2021 registrerte Kviteseid kommune seg i ordninga «Tilskot til inkludering av barn og unge» frå Barne- ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir). Ordninga gjev både kommunen og lag- og organisasjonar høve til å søke om midlar til ulike tiltak som støttar inkludering. Dette gjeld framleis.

## 7.1 Kulturskulen

Det er 7 tilsette (frå 5 ulike nasjonar ☺) som samla har ein stillingsressurs på 2,7 årsverk, inkludert kulturskulerektor i Kviteseid kulturskule. For å dekke ei breidde i tilbodet er dei fleste stillingane små, og alle lærarane har fleire arbeidstilhøve. Dirigenten for Kviteseid Hornmusikk er tilsett i kulturskulen. Vi kjøper lærartimar innan klassisk fiolin frå Seljord kulturskule.

I tillegg til vanleg undervising har kulturskulen som eit breiddetilbod hatt tilbod om besøk i barnehagar og SFO.

Elevtalet har vore stabilt og aukande. Aukinga var hovudsakleg nye elevar hausten 2022 då vi hadde eit kunsttilbod dette semesteret som blei teke godt imot. I GSI-rapporten 2022 var det 115 elevplassar nytta av 94 elevar innan områda musikk, inkludert korps, dans og kunst. Dette viser at det er eit potensiale for å arbeide vidare med å forankre eit fast kunsttilbod. Deltakarane på breiddetilboda i barnhage og SFO kjem i tillegg.

Kulturskulerektor er kommunens DKS-koordinator. Kviteseid kommune har 3-årig avtale med Vest-Telemark museum om tilbod, hovudsakleg innan kulturarv, i den lokale delen av DKS som er kommunens ansvar. Vi jobbar også med ei tilsvarande avtale med Nynorsk kultursentrum (tidl. Vinjesenteret) som vil sikre besøk av gode nynorskforfattarar

### Handlingsprogram

Mål	Tiltak	Resultatindikator/effekt ål	Status
<b>SKULE</b>			
<b>Trygt og godt miljø</b> - Felles klasseleing - Auka oppleving av elevmedverknad - Fremje eit trygt og godt skulemiljø - Sikre at praksisen i «God skole» blir implementert i organisasjonen	Implementere bruk av standardar og elevsamtaler etter modell frå «God skole» på alle trinn.	-Elevundersøkinga -Få og mindre omfattande saker knytt til trygt og godt skulemiljø (§ 9A saker) -Lågt sjukefråvær	Elevundersøkinga gjennomført haust 2021. Resultat, trygt og godt skulemiljø:
<b>Fagfornyinga</b> - Auka djupnelæring og tverrfagleg læring for elevane - Auka profesjonsfagleg samarbeid i lærarkollegiet	-Implementere tverrfaglege tema i alle fag  <i>Brunkeberg oppvekstsenter:</i> Arbeid med prosjektet "Markens grøde".	-Elevundersøkinga -Eksamen -Synleg i årsplanar -Lågt fråfall i vidaregåande skule	Elevundersøkinga gjennomført haust 2021. Eksamen vert ikkje avvikla vår 2022
<b>Fagfornyinga</b> -Auka kreativ bruk av digitale verktøy for å fremje læring  -Elevsentrert undervising	-Gjennomføre «modenhetsanalyse» i samarbeid med ATEA -Utarbeide tiltaksplan for digital praksis	<i>Langsiktig effekt mål:</i> Elevane jobbar sjølvstendig med eigen læring og tek gode digitale val med omsyn til verktøy og kjelder.	«Modenhetsanalyse» - er i gang i samarbeid med ATEA
<b>Spesialundervisning</b>			

	-Utarbeide eit kunnskapsgrunnlag knytt til bruken av spesialundervisning i dag med hensikt å redusere denne framover. -Rette opp avvik frå tilsynsrapporten	-Færre elevar har behov for spesialundervisning -Høg kvalitet i sakhandsaminga knytt til spesialundervisning	Er førebels ikkje oppnådd.
<b>SFO</b> Eit meir allsidig og variert SFO-tilbod	-Implementere rammeplanen -Bruke årsplanen aktivt i kvardagen -Planleggingsdagar for SFO-personalet -Samarbeid med kulturskulen	Auka rekruttering til SFO	Det er for neste år ei merkbar auke i SFO-behovet
Effektiv og sikrere flyt i behandling av personsensitive dokument	Ta i bruk fagsystemet Visma sikker sak og arkiv.	-Mindre papir -Styrt tilgang etter behov (GDPR)	Førebels ikkje målt
<b>BARNEHAGE</b>			
Sikre eit trygt og inkluderande barnehagemiljø for alle	-Delta på styrarsamlingar -Arrangere foreldremøte i samarbeid med Foreldreutvalet for barnehagen (FUB) -Arbeid i personalet med kompetansepakker frå utdanningsdirektoratet -Ulike foredrag for personalet -«Trafikklyskartlegging» relasjonar vaksne/barn	-Foreldreundersøkinga -Få og mindre omfattande saker knytt til trygt og godt barnehagemiljø	Foreldreundersøking a vart gjennomført desember 2022, med gode resultat
Stimulere alle barn si språkutvikling og avdekke barn som treng ekstra støtte	-Nytte kartleggingsverktøy for å avdekke barn som treng støtte -Lesegrupper -Skape eit variert språkmiljø for alle aldersgrupper	Barn i alle aldre viser interesse for bøkar, språk og lesing	Språk er eit prioritert område i barnehagane
Effektiv og sikrere flyt i behandling av personsensitive dokument.	Ta i bruk fagsystemet Visma sikker sak og arkiv	-Mindre papir -Styrt tilgang etter behov (GDPR)	På grunn av manglande leiar har dette ikkje blitt gjennomført
-Effektiv kommunikasjon mellom heim og barnehage	Vidareutvikle bruk av Visma app til kommunikasjon med foreldre	Foreldreundersøkinga	Foreldreundersøking a er gjennomført med gode resultat. Visma er aktivt i bruk og fungerer godt.



-Gje foreldre betre innsikt i kvardagen i barnehagen			
<b>KULTURSKULEN</b>			
Alle som ynsker det skal få eit tilbod i kulturskulen	Gjere tilboda meir kjent gjennom rekrutteringstiltak	Måle dekningsgraden i ulike aldersgrupper. Vekt på grunnskulealder som bør ligge på om lag 30%	Effekt mål førebels ikkje oppnådd, merksemd på
Bidra til eit godt ungdomsmiljø gjennom samarbeid med frivilligheit og andre aktørar	“Open hall”  Samkøyre ulike kultur-, idretts- og andre tilbod på ein lågterskel møtestad.  Kulturskulen bidreg med opent bandrom, danserom og studio med ein lærar tilstade.	Måle dekningsgraden i oppmøte på “Open hall” i heilskap i målgruppa ungdom 13 –19 år.  Ungdata-undersøkinga (2023)	Høg dekningsgrad i open hall for ungdom mlm 13 og 19 år
Utvikle tilbod som når alle barn, i samsvar med rammeplanen for kulturskulen og rammeplanen for SFO	Tilbod frå kulturskulen i SFO og barnehage kvar veke.	Auka rekruttering til kulturskulen.	Det vert arbeidd med eit kunstprosjekt
<b>OPPVEKST</b>			
-Tidleg identifikasjon av utsette barn -Rett hjelp til rett tid	-Implementere samhandlingsmodellen og handlingsrettleiaren frå «Betre saman» i organisasjonen	-BTI-undersøkinga -Ungdata-undersøkinga	Ungdataund. vart gjennomført i haust 2022.
-Bidra til å gje barn og unge i Kviteseid eit inkluderande fritidstilbod -Hindre utanforskap	-Opprette stilling som SLT-koordinator -Opprette stilling som miljøarbeider for ungdom i samband med friviljugsentralen -Delta i partnerskap for inkludering og ung deltaking -Arrangere «sommarskule» under føresetnad av tilskot	Ungdata-undersøkinga	Stillingsinnhald for evt. nye stillingar vert vurdert i samråd med ny komm.direktør

Leiarar på sektoren med oppdatert og høg fagkunnskap	-Formell leiarutdanning (rektorutdanning, styrarutdanning og liknande.) - Felles samlingar på sektoren -Faste leiarmøte med kommunalsjef i skule og i barnehage	-Medarbeidarsamtaler	Rektorane har formell rektorutdanning. Avdelingsleiar, er i gang. Det har vore gjennomført faste leiarmøte på sektoren.
--	---	----------------------	---

## 8 Samfunnsutvikling og teknisk drift

Eininga skal tene alle grupper i samfunnet, og oppgåvene vi utfører er viktige for lokalsamfunnet. Det femnar arbeid med å oppretthalde trygge og framkomelege vegar, sikre god vassforsyning, ha eit funksjonelt avløps- og renovasjonssystem, sikre gode og funksjonelle bygningar og skape trivelege og attraktive uteområde. Vidare har eininga ansvar for reinhald, brann og redning, landbruksforvaltinga, beredskap og klimaarbeid i kommunen. I tal er eininga sitt ansvar fordela på 28 kommunale bygg (ca. 20 500 m<sup>2</sup>) der det bur folk og/eller er faste tilsette. Det er ein forventning blant brukarane at kommunens bygningsmasse blir vedlikehalde og har ein god standard. Innan VA så er det fire vassverk og fire avløpsanlegg samt ca. 45 km med VA-nett med tilhøyrande pumpe- og trykkreduksjonsstasjonar. Med ein lekkasje prosent på 30-40% må dette prioriterast. Totalt har kommunen 55 km med kommunal veg fordela nokså likt på grus og asfalt og etterslepet på vedlikehald er stort.

Straumforbruk, pris på elkraft og generell prisauke har vore ein stor utfordring i 2022. Med eit årleg forbruk på drygt 3,5 mill. kWh har svingingane som me har opplevd det siste året gjort budsjettarbeidet vanskeleg. Den positive effekten med auka straumpris er høgare inntekter til kommunen via konsesjonsavgifter og aksjeutbyte.

Den generelle prisveksten og ventetid på delar/materiell gjer at ein brukar lengre tid på prosjekt og ein må justere budsjetta.

## 8.1 Samfunnsutvikling

**Mål:** *Ein livskraftig kommune som legg til rette for busetjing og næringsutvikling.*

Sikker vassforsyning og eit godt fungerande avløpssystem for innbyggjarane og næringslivet er ei av dei viktigaste oppgåvene eininga har. Gamal kommunal VA-infrastruktur av dårleg kvalitet gje lekkasjar som gje unødig vassforbruk og innlekk i avløpssystemet. Utsifting av asbestør i Vrådal og søk og reperasjonar av lekkasjar er gjennomført.

Ein stor og viktig del av arbeidet er å leggje til rette for næringsetablering og utvikling av eksisterande verksemdar i kommunen. Det nye næringsarealet i Brunkeberg har vore arbeid med i 2022. Eininga er med på eit prosjekt pågåande blant dei etablera bedriftene i Brunkeberg for å bygge opp eit infrastrukturenter innan transport og kompetanse arbeidsplassar innan klima og miljø.

Kommunestyret vedtok at kommunen skal ha ei meir aktiv rolle innan overtaking og utbygging av VA-infrastruktur for fritidsbustadområder i Vrådal. Kommunestyret vedtok ny saneringsplan i 2022 og utbyggingsavtale med Orreleikåsen.

Kommunestyret vedtok at fleire av dei kommunale vegane skal privatiserast og/eller at kommunen blir med i eit felles veglag.

I samarbeid med Statens vegvesen er arbeidet med ny reguleringsplan for strekninga Haukom – Kviteseidkrysset og nytt Kviteseidkryss godt i gang. Kommunestyret vedtok å sette av 16 mill. til ny VA-infrastruktur på strekninga.

### Handlingplan for 2022

<b>Mål</b>	<b>Tiltak</b>	<b>Resultatindikator</b>	<b>Status</b>
<i>Følgje opp strategisk næringsplan for Kviteseid. Følgje opp samfunns-/arealplan</i>	<i>Vurdere, prioritere og gjennomføre tiltaka i planane</i>	<i>Fleire arbeidsplassar, nye innbyggjarar</i>	<i>Ingen tal å rapportere</i>
<i>Nytt næringsareal i Brunkeberg</i>	<i>Legge til rette for VA og utbetre Ordalsvegen fram til Renovest.</i>	<i>Opparbeid næringsareal</i>	<i>Ikkje gjennomført</i>
<i>Infrastruktur HUB innan klimavenleg drivstoff og grøne arbeidsplassar</i>	<i>Prosjekt, samarbeid med aktørane, søkje om midlar</i>	<i>Planar for etablering</i>	<i>Intensjonsavtale med Gasnor. Har fått tilskot til biogassanlegg. Brunkeberg Utvikling AS er etablert. Tilskot frå Klimasatsmidlar til utgreiing av eigen energi/varme</i>
<i>Plan for nytt bustadområdet Stålandsåsen</i>	<i>Lage reguleringsplan og jobbe vidare med feltet</i>	<i>Ferdig reguleringsplan</i>	<i>Møter gjennomført med Sweco og grunneigarar. Arbeidet er sett på vent. Vurdering av nytt felt ved Kvitsund skal vera ferdig våren 2023.</i>

<i>Marknadsføre ledige tomter i kommunen</i>	<i>Sosiale media og heimeside</i>	<i>Sal av tomter</i>	<i>Heimeside er oppdatert med kart, bilde og presentasjon. Ingen selt i 2022.</i>
<i>Overtaking av VA-infrastruktur fritidsbustadfelt</i>	<i>Plan for overtaking, kontakt med aktørane, utbyggingsavtalar</i>	<i>Ferdige utbyggingsavtalar, utbygging har starta</i>	<i>Avtale med Orreleikåsen Vrådal AS</i>
<i>VA-infrastruktur som har nok kapasitet og sikker forsyning</i>	<i>Lekkasjesøk, reparere skader, bytte ut gammalt leidningsnett/kummar</i>	<i>Tal på lekkasjar, tal p m utskifting av rør og utskiftingar av materiell</i>	<i>300 m VA + 4 kummar skifta ut i Vrådal. Opprusting pumpestasjon og reinseanlegg Morgedal</i>
<i>Stoppe etterslep og auke kvaliteten på kommunale vegar</i>	<i>Bytte stikkrenner, grusing, asfalt og andre vedlikehaldsoppgåver. Prioritere bruer i 2022.</i>	<i>Tal på meter standardheving. Tal på rehabilitera bruer.</i>	<i>Bruer utsett pga. tilgjengelege steinmasser. Oppgradering: Håtveitvegen 1252 m, Bjålandsvegen 1014 m. Grusing: Bergstovegen 4555 m Sandodd/Kasinvegen har hatt grøfterensk og oppgrusing</i>

## 8.2 Teknisk drift

**Mål:** Legge til rette for ein god infrastruktur for innbyggjarar, næringsliv og kommunen si eiga verksemd.

Kommunale bygg har fleire funksjonar som både arbeidsplass for eigne tilsette, besøks plass, opphaldsplass og utleige. Vestfold og Telemark revisjon IKS sin forvaltningsrevisjon på bygg (2021) viser at kommunen ikkje gjennomfører vedlikehald i samsvar med det som er behovet.

Større vedlikehaldsprosjekt i 2022 er nye vindauger på kommunehuset og ny varmpumpe i Kviteseidhallen. Det er pussa opp fire leilegheiter. Kjellaren i Brunkeberg barnehage er bygt om til barnehagelokale.

Det er kjøpt inn ny tankbil (2015 modell) til brannvesenet.

Ombygging av Morgedal RA starta hausten 2022 og vil bli ferdig våren 2023.

### Nøkkeltal for teknisk drift

Tabellane nedanfor syner utviklinga i ein del nøkkeltal for teknisk drift. Me ser at talet på abonnentar innan VAR aukar over tid som følgje av bygging av hus og hytter.

	2018	2019	2020	2021	2022
Abonnentar vatn	1483	1492	1527	1570	1574
Abonnentar avløp	1337	1346	1387	1422	1453
Abonnentar renovasjon	2486	2489	2559	2584	2627
Abonnentar feiing (tal på pipeløp)	2594	2609	2703	2736	2760
Tal på bustader for utleige	57	57	57	57	57
Brann og utrykkingsvern: Utrykkingar per 1 000 innbyggjar	39,9	23,3	25,5	19,5	22,7

<b>Brannutrykkingar</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>
Bilberging E-134	4	4	3	5	4
Bilberging elles	2	5	2	1	9
ABA	5	8	26	11	9
Brann	7	3	4	8	2
Skogbrann	17	2	6	4	3
Pipebrann	2	1	2	1	4
Andre	10+10+3+7	21+2+7+14	5+5+9	4+3+1+9	6+3+6+9
Kansellert	0	0	0	1	0
<b>Totalt</b>	<b>67</b>	<b>67</b>	<b>62</b>	<b>48</b>	<b>55</b>

### Handlingsplan 2022

<b>Mål</b>	<b>Tiltak</b>	<b>Resultatindikator</b>	<b>Status</b>
Gjennomføre prosjekt i investeringsbudsjettet for 2022	Planlegge, lyse ut og iverksette prosjekt	Ferdige prosjekt	Etter planen. Lundenjordet utsett.

<i>Gjennomføre vedlikehold på kommunale bygg</i>	<i>Prioritere innan budsjett og nødvendige tiltak</i>	<i>Gjennomførte tiltak</i>	<i>Etter budsjett samt ekstra pga. busetting av flyktingar.</i>
<i>Gjennomføre vedlikehold på kommunale vegar</i>	<i>Prioritere innan budsjett og nødvendige tiltak</i>	<i>Gjennomførte tiltak</i>	<i>Bruer vart utsett for å prioritere prosjekt i Morgedal.</i>
<i>Bli dyktigare på å dokumentere avvik og følgje opp HMS-systemet</i>	<i>Fylgje opp og lukke avvika. Bruke Compilo</i>	<i>Gjennomførte tiltak</i>	<i>Gjennomført opplæring i Compilo. Rutinar og info blir lagt ut på Compilo.</i>
<i>Høg kompetanse blant brannmanskaper</i>	<i>Vidareføre opplæringsprogram for det frivillige brannvesenet i regi av Vest-Telemark brannvesen.</i>	<i>Gjennomførte øvingar og kurs</i>	<i>Øvingar og kurs er gjennomført. Vikarierende brannsjef har starta opplæring.</i>
<i>Oppdatere trafikksikringsplanen</i>	<i>Revidere plan, høyring og politisk handsaming</i>	<i>Ny vedtatt plan</i>	<i>Ny revidera plan vart vedtatt av kommunestyret 2.06.22, sak 36/2022</i>
<i>Trafikksikre kommunale vegar</i>	<i>Montere gateljos og rydde siktsoner</i>	<i>Ferdige</i>	<i>Nye gateljos på FV 3400 og Lundenvegen</i>

## Digitalisering

**Mål:** *Sørgje for ha nødvendig eigen digital kompetanse og utstyr for å gjennomføre og følgje opp prosjekt*

Innafor VA så har kommunen satsa mykje på digitalisering dei siste åra. Investeringa gjer at eininga har ein god overvaking av VA-infrastrukturen og ein får raskt melding ved feil.

Trådløs overvaking som måler trykk og mengde i utvalte kummar samt flyttbart måleutstyr har ikkje kome på plass i 2022. Grunnen til det er at det skjer mykje på denne fronten og ein har ikkje finne rett leverandør ennå.

Kommunen har varmestyring på fleire av sine bygningar. Det gjer at ein kan styre temperatur og ventilasjon etter aktiviteten i bygget. Det er ikkje installert styringssystem i fleire bygg for å få ein betre kontroll på straumutgiftene i 2022 men ein vil få det på plass når ein rehabiliterer bygg som ikkje har det.

## Handlingsplan 2022

<b>Mål</b>	<b>Tiltak</b>	<b>Resultatindikator</b>	<b>Status</b>
<i>Ha god og nok kompetanse</i>	<i>Kurs og opplæring frå leverandørar</i>	<i>Gjennomført opplæring</i>	<i>Kurs geomatikk gjennomført</i>

<i>Investere i rett og nok digitale hjelpemiddel</i>	<i>Prioritere innfor budsjett og høgst inntening i kostnadar og spart arbeidstid</i>	<i>Gjennomførte tiltak</i>	<i>Ventar på det «rette» utstyret.</i>
--	--	----------------------------	--

## Reduksjon av klimaavtrykk

**Mål:** Reduksjon av eigne klimautslepp

Kommunen deltek i klima- og energinettverket for Vestfold og Telemark. Kommunen har vedtatt ny klimaplan for regionen Vest Telemark.

Kommunen har installert fleire laderar for kommunale tenestebilane på utvalte stadar med hjelp av økonomisk støtte frå klimasatsmidlane. Eininga har kjøpt inn ein elektrisk varebil i 2022.

Alle kommunale bygg har dunkar for kjeldesortering. Det er framleis forbedringspotensialet på å sortere avfall i rett fraksjon. Gjenbruk og reperasjon skal vurderast som alternativ i staden for å kjøpe nytt.

## Handlingsplan 2022

<b>Mål</b>	<b>Tiltak</b>	<b>Resultatindikator</b>	<b>Status</b>
<i>Rett avfall i rett avfallsdunk</i>	<i>Gode løysingar på kjeldesortering i kommunale bygga</i>	<i>Mindre restavfall</i>	<i>Info om resultat kjeldesortering for 2021 er sendt ut til alle einingsleiarane. Oppmoding om å bli endå flinkare</i>
<i>Redusere klimautslepp på eigne bilar og utstyr</i>	<i>Bytte ut pickup, investere i robotklypperar</i>	<i>Mindre forbruk av fossilt drivstoff</i>	<i>Ingen endring. Er montert 10 stk. ladarar ved kommunale bygg.</i>
<i>Senke energiforbruket i kommunale bygg</i>	<i>Energieffektivisere Kviteseidhallen. Vurdere fleire bygg på varmestyringssystem.</i>	<i>Lågare forbruk kWh EL</i>	<i>Ca 400 000 kWh lågare forbruk sidan 2019</i>

## 9 Nærings- og lokalsamfunnsutvikling

### 9.1 Kultur

#### Rapport handlingsplan 2022

<i>Tiltak</i>	<i>Resultatindikator - resultat</i>
<i>Samarbeide med eksterne aktørar om arrangement.</i>	<i>Auke i aktivitet og attraktivitet</i>
<i>Stimulere lag og foreiningar om å søkje eksterne midlar. Informere om søknadsmoglegheiter</i>	<i>Auke i eksterne midlar. Meir aktivitet.</i>
<i>Handsame søknader om tilskot til lokale kulturtiltak og fleire prosjekt.</i>	<i>Mangfald og aktivitet i kulturlivet</i>
<i>Samarbeid med Kviteseid Frivilligsentral</i>	<i>Auke og mangfald i kulturlivet</i>
<i>Delta i ulike kulturnettverk</i>	<i>Kompetanseheving/profilering av kommunen</i>

**Den kulturelle spaserstokken:** Telemark fylkeskommune har ansvaret for utdeling av midlane. Innbyggjartalet på dei over 67 år ligg til grunn for tildelinga. Kviteseid kommune søkjer og mottok årlege midlar. Midlane brukas til å stimulere til ulike aktivitetar for eldre.

**Kviteseidhallen** er mykje brukt til ulike aktivitetar. Avtala med Kviteseid idrettslag om lengre opningstider på ettermiddag og kveldstid har vore eit godt tiltak som blir vidareført i 2022.

**Kviteseid bygdetun.** Styret har ansvar for aktivitetar på bygdetunet. Ein har planar om at Vikingdagen blir eit årleg arrangement på bygdetunet.

#### **Kulturmidlar**

Kommunen har ei viktig rolle som økonomisk bidragsytar til lag og foreiningar i tillegg til å støtte enkeltpersonar som driv kulturarbeid. Det blei utdelt Kulturmidlar til 47 lag og enkeltpersonar i 2022.



## 9.2 Næring

### Rapport handlingsplan 2022:

<b>Tiltak</b>	<b>Resultatindikator / resultat</b>
<i>Halde fram samarbeidet med:</i> <ul style="list-style-type: none"><li>• Telemarkskanalen Regionalpark.</li><li>• Telemarksvegen – RV41</li><li>• Skien-Dalen Skipsselskap</li><li>• VandreTelemark</li><li>• VisitTelemark – Bærekraftig reisemålsutvikling og Masterplan for reiselivet i Vest-Telemark</li><li>• Reiselivet/besøksnæringa</li></ul>	<i>Auke i attraktivitet og besøk til regionen</i>
<i>Arbeide vidare med:</i> <ul style="list-style-type: none"><li>• Vidareutvikle Telemark Næringshage</li><li>• Tilrettelegging av næringstomter</li><li>• Stimulere eksisterande og nye verksemder</li><li>• Ulike samarbeidsprosjekt i Vest-Telemark Som Etablerarkontoret/Start opp, Stillingslepp, Småbruksprosjektet, Næringskollegiet etc.</li><li>• Nye attraktive bustadtomter</li><li>• Tilrettelegging av møteplassar, turstiger</li><li>• Jobbavis i skulen på Kviteseid skule (Arbeidsveke i 9. klasse)</li><li>• Skjenke- og serveringsløyve</li></ul>	<i>Auke i attraktivitet, folketal og arbeidsplassar</i>  <i>Auke kjennskap til næringslivet hos dei unge</i>  <i>Skape møteplassar</i>

### Næringsfond

Av note i årsrekneskapen går det fram kva det er løyvd pengar til frå næringsfonda. Tildeling frå næringsfonda er ein viktig stimulans for å behalde eksisterande- og etablere og utvikle nye arbeidsplassar.

I 2021 og 2022 kom det ekstra statlege bevillingar for å dekke økonomisk tap og uforutsette utgifter knytt til koronapandemien.

### Samfunnsutvikling

Arbeidet med nærings- og samfunnsutvikling er breispektra og knytt til mange ulike små og store prosjekt. Over er nemnt nokon konkrete tiltak.

### Skjenke- og serveringsløyve

I tillegg til å tenke næringsutvikling, tek kommunen omsyn til folkehelsa når ein jobbar med desse sakene. Alkoholova er streng og ligg alltid til grunn.

### **9.3 Bibliotek**

Biblioteket har vore bemanna med 1 person, bibliotekarsjefen, fram til 27.september 2022. Det har vore nytta vikarar ved høve i mindre grad. Biblioteket har hatt ope for publikum måndagar, onsdagar og torsdagar frå 12.00 – 18.00. På kveldstid har ulike lag og organisasjonar nytta lokalet ved møte.

27.september 2022 blei biblioteket stengt etter ei hending der det blei funne kamera på toalettet. Det viste seg i etterkant at det var bibliotekaren som hadde montert kameraet. Politiet stengte lokalet ei stund, medan saka blei etterforska.

Me opna for publikum kring midten av oktober. Biblioteket har etter dette vore betjent av tilsette med lokasjon i kommunehuset, i lag med ein person som har vore utplassert via NAV. Det blei ut året haldt ope onsdagar og torsdagar frå 12.00 – 16.00. Dette har ikkje vore ein optimal løysing då ingen av våre tilsette har utdanning som bibliotekar, men det har fungert på den måten at lokalet har vore betjent med positive folk. Innlevering og utlån av bøker har gått som normalt i denne perioden. Me støtta oss til kollegaer ved andre bibliotek i Vest-Telemark og fylkesbiblioteket.

## 10 Interkommunalt samarbeid

### 10.1 Barnevernstenesta

Barnevernet i Norge har dei siste åra hatt eit stort fokus retta mot seg. Barnevernsreforma trådte i kraft 01. januar 2022 og frå 01.01.2023 fekk vi ny barnevernslov. Desse endringane har stor betydning for korleis vi bør tenke i høve framtidige innsatsområde.

#### Handlingsplan

<b>Mål</b>	<b>Tiltak</b>	<b>Resultatindikator</b>	<b>Status</b>
Oppfylle lova sitt krav om å gje ei forsvarleg teneste til barn og unge og familiare deira			
Økt treffsikkerhet ved undersøkingar	Implementere ny lov Gjennomføre egetilsyn tre gonger pr. år	95% av undersøkingane innan 3. mnd. Barna/ungdommane får rett tiltak Vedtak og undersøkingar er ferdige innan frist	Ingen fristbrot, dvs. 100 % oppnåing.
Auka kunnskap på fosterheimsområdet. Utvikling av tiltaks metodikk	Opplæring i veiledingsmetodikk knytt til fosterheimsarbeid og tiltaksmetodikk. På golvet.	Alle nye fosterheimar i regionen får tilbod om veileding	Kontinuerleg arbeid med dette gjennom heile året.
Barn og foreldre medverkar og har innsyn i eiga sak	Dokumentasjon gjerast tilgjengeleg for barn og foreldre; referater, brev, rapporter m.m. Vi har gjenforening - planar i alle saker der gjenforening er målet	Barn og familiar får rett tiltak til rett tid.	Kontinuerleg arbeid med dette gjennom heile året.
Kompetanseutvikling; tilsette søke kunnskap i linje i organisasjonen	Fagdagar, refleksjonsgrupper, leiarsøtte og individuell veileding	Medarbeidarar hentar kompetanse frå kollegar og som bestiller søtte frå leiargruppa ved behov	Kontinuerleg arbeid med dette gjennom heile året.

### Barnevernsreforma

Vi deltek og medverkar i kommunane sitt arbeid med felles oppvekstplan for Vest-Telemark.


Samarbeider og samhandlar med ulike tenester i alle kommunane. Deltek i SLT-arbeidet, barne- og ungdomsteam med meir.

Prosjektet «Forpliktande samarbeid i Midt-, Vest- og Øst- Telemark om Barnevernsreforma»  
Ressursteam var fult operativt frå februar 2022.


### Nasjonal Grunnmodell

Barnevernstenestane i prosjektet deltek i nasjonalt utviklingsarbeid av ein heilskapleg grunnmodell for hjelpetiltak og ettervern. Oppdraget er gjeve frå Bufdir til NUBU, RBUP øst og sør og RKBU-vest.


## Aktivitetsmål for Barnevernssamarbeidet i Vest-Telemark





## Meldarar pr. 31.12.22



## Undersøkingar





- I Vest-Telemark har vi 29 tilsynsbarn. Alle hadde tilsynsperson. Kravet til tilsyn pr. barn er 4 i året. 28 av tilsynsbarna fekk oppfylte krav om tilsyn.
- BVS har 19 fosterbarn.
- Alle barn under omsorg har omsorgsplan.
- Vi hadde 8 barn/saker til behandling i Fylkesnemnda eller tingrett. Vi fekk medhald i alle.
- Åtte familiar, 11 barn/ungdom, fekk i løpet av 2022 veiledning av innleigd psykolog.

## Tilstandsrapport

Barnevernsamarbeidet i Vest-Telemark utarbeida tilstandsrapport for tenesta og la denne fram for kommunestyra. Fyresdal kommune fekk rapporten men hadde ikkje gjennomgang av rapporten i kommunestyre.


## 10.2 NAV

NAV Vest Telemark er eit interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 20. Alle kommunene området er med i samarbeidet. Vi er 26 fast tilsette ved kontoret og 2 prosjektstillingar finansera av statsforvalteren .

Vi vart etablert 01.10.2019 og vi har nå 3 års drift bak oss. Året 2020 -2021 har vore eit veldig spesielle år på grunn av pandemien. Året 2022 har og vore eit spesielt år på grunn av krigen i Ukraina og den store busettinga av flyktningar i Vest -Telemark.

Grafane under viser utvikling i heilt ledige arbeidsøkerar i perioden frå jan 2019 til desember 2022. Som det går fram av grafane er det svært låg arbeidsløyse i alle kommunane. Det er veldig mykje ledige stillingar og fleire arbeidsgjeverar har problem med å skaffe seg kvalifisera arbeidstakerar. Det er mangel på arbeidskraft innom mange bransjar.





NAV Vest -Telemark hadde ei ramme på kr. 9838000 til arbeidsmarkedstiltak . Vi har brukt kr. 9733000. Det er midlar som går til å hjelpe arbeidsøkerane inn på arbeidsmarkedet. Målgruppene er ungdom, arbeidsøkerar frå landgruppe 3 , langtids arbeidsøkerar og arbeidsøkerar med nedsatt arbeidsevne.

I tillegg kjøper vi mykje tenestar av Kvito A/S og Ideakompetanse A/S .

Vi har og 25 varig tilrettelagte arbeidsplass i ordinære bedrifter (VTO) tilsaman i kommunane. Der er målgruppa personar som har uføretrygd og som treng ein aktivitet.

Utvikling i antall personar som mottek uføretrygd frå januar 2022 til des 2022





#### Utbetaling økonomisk sosialhjelp :

Kommune	Under 30 år 2020	Under 30 år 2021	Over 30 år 2020	Over 30 år 2021	Totalt 2020	Totalt 2021	Diff
Seljord	25	22	61	55	2 695 672,00	3 094 144,00	398 472,00
Kviteseid	11	12	33	25	1 405 866,00	986 570,00	-419 296,00
Nissedal	17	13	23	16	1 475 207,00	1 028 070,00	-447 137,00
Tokke	9	7	28	18	981 461,00	567 647,00	-413 814,00
Vinje	16	16	40	38	2 120 062,00	1 724 770,00	-295 292,00
Fyresdal	6	5	17	14	975 511,00	516 127,00	-459 384,00
<b>Sum</b>	<b>84</b>	<b>75</b>	<b>202</b>	<b>166</b>	<b>9 653 879,00</b>	<b>7 917 328,00</b>	<b>-1 736 551,00</b>

Vi hadde ein målesetting om at vi skulle redusere utgifter til økonomisk sosialhjelp med 10% frå 2021 til 2022 . På grunn av den ekstra ordinære situasjonen med mange flyktningar har ikkje det vore mogleg å få til . Det er vore ein stor auke i utbetalingar frå 2021 til 2022

#### Kvalifiseringsprogram :

21 personar har hatt kvalifiseringprogram i 2022 . Dei har tilsaman fått kr. 2 968 403.

Av dei har 11 avslutta .

Resultat er 7 stk til arbeid, 2 har flytta og 2 har andre ytelsar i NAV.

63 % har fått til arbeid.

#### Gjeldsrådgjevar

NAV Vest-Telemark og Tokke er vertskommune frå 010122 for gjeldsrådgevaren Det har vore ein nedgang i antall saker frå 21 til 22. det som kjennetegner sakene er at det er veldig store utfordringar for dei som får hjelp og krev mykje ressursar. Grunnen til at det er færre saker nå , er etterdønningar etter korona og banken var meit liberale. Vi ser nå at det er slutt på og det er stor tilgang på saker dei 2 fyrste mnd. i 2023.

#### Totalt antall :

2021	2022
18 saker med frå 2020	
+52 nye saker	29 saker
+15 rådgevingar uten sak	20 rådgeving uten sak

=85 saker totalt	= 49 saker totalt
------------------	-------------------

#### Tilsette i NAV Vest –Telemark

Vi er 26 stk fordela på stat og kommune. I tillegg har vi prosjektstilling som er finansera av statsforvaltaren. Vi har lokasjonar i kvar kommune og møter brukarane der. Det er opent for dropp inn ein dag i veka ut i kommunane, med unntak av Nissedal og 2 dagar på hovudkontoret. .

Vi har hatt eit internt sjukefråver på 2,97 % blant statleg tilsette og 3,24 % blant kommunalt tilsette i 2021. Vi har ikkje hatt arbeidsrelatert sjukefråver. Vi har hatt stort fokus på sikkerhet for tilsette og fått på plass alarmer på alle lokasjonane.

Vi har eit overforbruk på drift på ca 6% og det skuldast auka pris og lønnsvekst og uforutsette utgifter til innkjøp av data og mobiltelefoner

#### Nærvær/sjukefråvær

	2022	2021	2020		2022	2021	2020
<b>Planområde 1 – NAV-kommune</b>	3,24	4,19	7,13	<b>Planområde 1 – NAV -stat</b>	2,97	3,01	3,2
Langtidsfråvær	1,4	0,91	1,09	Langtidsfråvær	1,12	2,15	2,72
Kortidsfråvær	1,84	3,28	6,05	Kortidsfråvær	1,85	0,86	0,56

#### Utfordring i etaten frametter.

Utfordringar i 2023 vil vere den veldige auka brukarar som har rett på i økonomisk sosialhjelp. Det er ein stor jobb å fylgje dei opp slik at dei etter kvart kan kome over i arbeidsretta tiltak og jobb.

Det vert oppretta ein ungdomsgaranti for personar mellom 16-30 år som vil krevje god samhandling og samarbeid mellom NAV og dei andre etatane i kommunen.

Vi skal nå rekruttere medarbeidarar og vi håpar at tilgang på kvalifisera søkjerar er god.

## 10.3 Landbrukskontoret

### Rapport handlingsplan

#### Delmål for planperioden:

Landbruksplanen har desse hovudmåla:

- Landbruket i kommunen skal medverke til utvikling og verdiskaping samstundes som ein tek vare på miljøet og kulturlandskapet.
- Ein skal ha fokus på landbruket som ein totalleverandør av naturbaserte varer og tenester.
- Landbruket skal vera medspelar i ei aktiv bygdeutvikling som sikrar busetjing og næringsutvikling og gode levekår.
- Kommunen skal ha ein landbruksadministrasjon med høg kompetanse som kan vera ein aktiv støttespelar for enkeltbønder og næringsorganisasjonane.

<b>Tiltak</b>	<b>Resultatindikator - resultat</b>
<i>Fortløpande oppdatering av og retting av feil i AR5, landbruksregister, matrikkel og jordregister og oppdatering av areal- og eigedomsregister i jaktsamanheng i samarbeid med plankontoret, Statsforvaltaren og NIBIO.</i>	<i>Markarbeidet etter den sentrale oppdateringa av AR5 er gjennomført i 2022.</i>
<i>Følgje opp foryngingsplikta i skogbruket med heimel i berekraftforskrifta.</i>	<i>Det vart gjennomført 24 kontrollar i 2021.</i>
<i>Aktiv bruk av rentemidlar og nærings- og miljøtilskot. Søkje samarbeid med andre kommunar i Vest-Telemark for å auke aktiviteten på skogkultur.</i>	<i>Auka skogkulturaktivitet.</i>
<i>Delta i EU sitt vassdirektivprosjekt saman med fylkeskommunen, nabokommunar og andre samarbeidspartnarar i vassområda våre.</i>	<i>Landbrukskontoret deltek i arbeidsgruppene i Midt-Telemark vassområde og Nidelva vassområde.</i>
<i>Ajourhald og oppdatering av hjorteviltregisteret Følgje opp vedteken hjorteviltplan</i>	<i>Areal- og eigarlistar oppdaterast fortløpande.</i>
<i>Fylgje opp buplikt på landbrukseigedomar og saker som gjeld nedsett konsesjonsgrense – sikre gode rutinar for å oppdatere register.</i>	<i>Fortløpande oppdatering og årleg kontroll er gjennomført i 2022.</i>
<i>Fylgje opp vedteken landbruksplanen for perioden 2014-2017.  Oppfølging av Telemark fylkeskommune si landbruksmelding.</i>	<i>Landbruksmeldinga er fasa ut og erstatta av Regionalt næringsprogram for Vestfold og Telemark. Dette er styrande for bruken av dei økonomiske verkemidla.</i>

### ***Utviklinga i næringa over tid (tal utan Nissedal kommune)***

<b>TABELL MED NØKKELINDIKATORAR</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>
Produksjonstilskot jordbruk (søkjjarar)	62	61	57	55	56	51	49
Miljøtiltak i jordbruket (1000 kr) (SMIL og drenering)	190	322	323	347	180	324	272
Tilskot til skogbruket (1000 kr)	501	257	921	443	663	1301	
Løyvde BU midlar (1000 kr)	1100	720	900	680	200	200	1220

*Tabell: Nøkkeltal for utviklinga av landbruket.*

### **Skogbruk**

Det vart i 2022 hogge i overkant av 42 000 m<sup>3</sup> tømmer med ein verdi på over 20 millionar kroner. Det vart planta over 100 000 planter og utført ungsogpleie på om lag 350 dekar. Det har vore god aktivitet på vegbygging av både bil- og traktorveggar som kan legge grunnlaget for god aktivitet i åra framover. Det er kontrollert 18 skogtiltak, både etter forynging, etter hogst og etter ungsogpleie, og det meste såg greitt ut. Statsforvaltaren var på forvaltingskontroll 15. november og såg på tilskot til skogkultur og tilskot til vegbygging. Både dokumentkontroll og feltkontroll var tilfredsstillande.

### **Vassforvaltning**

For Vestfold og Telemark er det vedteke ny forskrift om fiske etter laks, sjørret og innlandsfisk gjeldande frå 1. juni 2022. Denne gjev føringar for fiskereiskap, minste- og maksimalmål, fredingssoner og –tider m.m. Det har og i løpet av 2022 kome på plass vassområdekoordinator for Nidelva vassområde, likt som i midtre Telemark vannområde, denne er lokalisert med kontorstad i Åmli som er vertskommune.

### **Vilt**

2022 var fyrste året i med nye bestandsplanar for elg, hjort og rådyr. Dei tre bestandsplanområda i kommunen vart vidareført utan endringar for Kviteseid sør, Kviteseid aust og Kviteseid nord-vest, alle med treårige planar som går til og med 2024. Det vart i 2022 felt 128 elgar i Kviteseid, 14 færre enn året før, og 89 hjortar, ein auke på 31 frå året før. Felte rådyr har dei siste åra ligge på 8 – 10 stk per år, men ein reknar med at det her er ein del manglande rapportering, samt at snovintrar og rovdyr regulerer bestanda meir enn jakt.

## Fallvilt

Oversikt over viltpåkøyrslar med dødeleg utfall, felling av skadedyr og anna felling av hjortevilt utanom ordinær jakt

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Kollisjon med bil	3	1	4	3	5	19	11	15	17	17
Felt som skadedyr								1		
Sjukdom, skader, andre årsaker	1	6	8	8	3	20	2	13	22	8
Sum	4	7	12	12	8	39	13	29	39	25

Tabell: Avgang på elg, hjort, rådyr og villrein utanom ordinær jakt i perioden 2013 - 2022.

I 2022 vart det drepe eller avliva sju elgar, ein hjort og ni rådyr etter samanstøyt med bil. Ytterlegare ti elgar, tre hjortar og eit rådyr vart friskmeldt etter ettersøk eller ikkje funne att. I tillegg vart sju elgar og ein villrein funne daude av andre årsaker. Tilsvarande var det 23 fallvilt av naturlege årsakar i 2021 mot åtte i 2022, noko som nok delvis kan forklarast med ein snofattig vinter 2021/2022.

Endringar i animaliehygieneforskrifta gjorde at handtering og godkjenning av fallvilt i kommunal regi etter 1. juli 2022 ikkje kunne gjerast slik det har vore praktisert før. Kjøtt som har vore brukande har vorte nytta på KOS, og i 2021 fekk dei fire elgar. Endringane i lovverket gjorde at me i desember 2022 fekk ferdigstilt eit godkjent viltslakteri i Kyrkjebygda i Nissedal, eit samarbeidsprosjekt mellom ein privat eldsjel og dei fem Vest-Telemarkkommunane Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal og Tokke. Med dette anlegget på plass kan kommunen få godkjent og foredla fallvilt til eige bruk eller gjennom sal til andre.

## 10.4 Plankontoret

Interkommunalt plankontor utfører lovheimla forvaltingsoppgåver innan arealplanlegging, kartfesting, oppmåling, byggesaksbehandling og utsleppsbehandling for kommunane Kviteseid og Nissedal. Nissedal kommune er vertskommune for tenesta. Kontoret har disponert 5,65 – 4,65 og 5,15 årsverk til desse tenestene i 2022.

### Overordna målsetjingar:

- Kommunen sine planverktøy skal til ei kvar tid vere oppdatert.
- Kommunen skal dekke etterspurnad av aktuell kartfesta informasjon.
- Alle plan-, oppmålings- og byggesaker skal behandlast innanfor kva lova set som maksimal frist.
- Kommunens hovudmål om folketalsvekst skal aktivt understøttast ved planlegging av gode bumiljø.
- Samfunnstryggleik og beredskap skal leggst til grunn i arealplanlegginga.
- Oppfylging og kontroll av gjevne utsleppsløyve for avlaupsvatn.

<b>Tiltak</b>	<b>Resultat</b>
<i>Innføring av nytt skybasert planregister.</i>	<i>Det nye registeret er etablert og tatt i bruk, sjå arealplaner.no. Arbeidet med å utvide og å ajourføre registeret er godt i gang.</i>
<i>Yte god service gjennom rask og god saksbehandling.</i>	<i>Alle saker innom plan- oppmåling og byggesak blei behandla innom lovfaste fristar.</i>
<i>Få kommunen autorisert som oppmålingsmynde, nytt forskriftskrav.</i>	<i>Begge dei nye oppmålingsingeniørane er sett på kompetanseløp som vil kvalifisere for nødvendig autorisasjon. Dette vil gå over flere år.</i>
<i>Rette opp og supplere feil/manglande vegadresser</i>	<i>Tiltaket kunne ikkje prioriterast i 2022, grunna stort arbeidspress/manglande arbeidskraft i delar av året.</i>

## 10.5 Vest-Telemark driftssenter

### Økonomistatus:

I 2022 vart avtala med Microsoft fornye. Denne var tidlegare fakturert til VTDS, og derfor også budsjettert her.

- Vi har eit mål om å gjennomføre kompetanseheving og vedlikehald av kompetanse på tilsette. Grunna delvis sjukefråvær og etterdønningar av pandemien har vi ikkje fått gjennomført dette i tråd med plan og budsjett.

Inntektene har vore omlag som budsjettert.

Det er ikkje nødvendig med store tiltak.

- Budsjett for 2023 vil ikkje omfatte Microsoftlisensar for den enkelte kommune
- Det er løyvd auka midlar for stilling i tråd med turn-over på tilsette.

**Økonomiplantiltak:** VTDS har vore drivande i fleire av tiltaka som andre tenesteområde har.

- Fibernettverksomlegging på byggingar tilhøyrande tenester under Helse og omsorg.
  - Tiltak som var planlagt er utført.

**Sjukefråvær:** Med eit gjennomsnitt på ca 12% sjukefråvær for både kort og langtid. Dette er relativt høgt i sum. Årsak er langtidsfråvær.


Med få tilsette vil variasjonar på korttidsfråvær gjennom året ha store variasjonar. Korttidsfråvær ligg i overkant av 3% i 2023

Det er tett og god oppfølging, men ein auke frå 2021 på 3%.

Vi har som mål å redusere fråværsprosenten i 2023.

Året har vore prega av etterdønningar frå pandemien og verdssituasjonen. Denne har i stor grad påverka leveringsdyktighet av varer og komponentar som er nødvendig i drift og utskifting av dataparken til kommunen. Med eit større nettverksprosjekt på bygg med tenester frå Helse og meistring var det utfordrande å få levert alt utstyr og oppretthalde den progresjon som var planlagt. Likevel er dette prosjektet levert innanfor kalenderåret. Noko utstyr planlagt montert i 2022 vart levert så seint på året at monteringa skjer i 2023.

Framover vil det skje in turn-over på tilsette. Dette har vi gjennomført tiltak, slik at vi tryggar kompetanse framover. I 2022 vart det tilsett 2 seniorkonsulentar.



Vi har i 2022 jobba med innføring nytt supportsystem.

Vi har i tillegg til dagsupport respons på support utanfor ordinær arbeidstid.

Det har i i 2022 vore innmeldt totalt 2038 saker og løyst 2060 saker. Sakene er i hovudsak fordelt på programvare, brukaradministrasjon og maskinvare. I tillegg kjem alle direkteanrop som vert løyst “der og då” og saker meldt på kveld og helger.

2022 er eit år med stort fokus på datatryggleik frå nasjonale myndigheter. Vi har respondert i tråd med dette og gjennomført intern analyse på datatryggleik, og innført nye og berde rutinar og verktøy/løysingar som hjelper kommunen å ha kontroll og vere godt rusta. Dette er eit kontinuerlig arbeid som vil fortsette framover.

Mange av kommunen sine avtaler måtte forhandlast på nytt i 2022. Dette er både tidkrevjande men nødvendig. Avtaler som omfattar VTDS og kommunane er i stor grad gjennomført via Telemark innkjøpsamarbeid.

Arbeidet med å endre organisasjonsform for samarbeidet vart utført og vedtatt i alle kommunane i 2022. Ny organiseringsform er Kommunalt oppgåvefelleskap. Denne organiseringa vert satt i drift frå og med 01.01.2024.



## Driftsmål 2022

Tema	Indikator	Status 2020	Ønskt resultat i 2022	Lågaste aksepterte resultat	Ikkje godkjent resultat	Mål 2024
Rekonstruksjon av datanettet til alle bygg i kommunen	Legge fram plan og progresjon til leiinga i kommunen	Under arbeid	100	75	0	100%
Utarbeide plan for datatryggleik	Legge fram plan for leiinga i kommunen	Gjennomføre 2021-2022	75%	20	0	100%
Halde eit godt servicenivå på supporttenesta	Supportsystem med rapportar	Kontinuerleg	100	75	50	100%

Mål var å vere 100% i mål for alle bygg i Kviteseid i 2022. Grunna verdssituasjonen og leveranseproblem på komponentmarknaden så er vi ikkje 100% i mål. Det er realistisk å fullføre Fiberomlegging i 2023. Det vil stå att arbeid med å etablere tilstrekkeleg med fast invendig kabling i ein rekke bygg. Dette er eit budsjettspørsmål. Oversikten over kva som bør utførast er god.

Datatryggleigsarbeidet hadde stort fokus i 2022. Målet med 75% resultat på dette arbeidet er å rekne som oppnådd.

Å halde godt servicenivå er alltid ein subjektiv faktor. Tilbakemeldingar som er gitt gir ein indikasjon på at VTDS leverer på dette mål punktet.